

# Årsmelding 2012 Kulturrådet




KULTURRÅDET  
Arts Council  
Norway

# Innhold

---

<b>KULTURRÅDET 2012</b>	2	<b>FOND FOR LYD OG BILETE</b>	62
Året i tal	3	Året i tal	63
Direktøren har ordet	6	Fylkesvis fordeling	65
<b>ARKIV, MUSEUM OG E-KULTUR</b>	8	Styreleiaren har ordet	66
Året i tal	9	Styret	67
Arkivutvikling	10	Fagutval	68
E-kultur	12	<b>STATENS KUNSTNARSTIPEND</b>	72
Museumsutvikling	14	Året i tal	73
<b>NORSK KULTURFOND</b>	16	Kvotefordelinga	74
Året i tal	17	Fylkesvis fordeling stipend	75
Fylkesvis fordeling	19	Stipendordningane	76
Rådsleiere har ordet	22	Garantiinntektordninga	78
Rådsmedlemar	23	Utvalseiaren har ordet	80
Fagutval	24	Utvalet	81
Fagområde	28	Sakkunnige komitear for utvalet	82
Rom for kunst	28	<b>DEN KULTURELLE SKULESEKKEN</b>	86
Barne- og ungdomskultur	30	Året i tal	87
Kunstløftet	32	<b>FAGADMINISTRASJONEN</b>	88
Andre formål	34	Internasjonalt kultursamarbeid	82
Biletkunst og kunsthåndverk	36	Mangfold, inkludering og deltagning	94
Musikk	38	Kommunikasjon	96
Scenekunst	42	Elektronisk søknadssystem	97
Fri scenekunst	44	Æresprisen	98
Basisfinansiering av frie scenekunstgrupper	45	Årskonferansen	99
Litteratur	48	Seminar og arrangement	100
Litteraturformidling	48	Tilsette	102
Innkjøpsordningane	50	Administrasjonsutgifter	104
Periodiske publikasjonar	51		
Kulturvern	52		
Forsking og utvikling	56		
Post 74 - kulturverksemder	60		

NORSK KULTURFOND	STATENS KUNSTNARSTIPEND	POST 74 KULTUR- VERKSEMDER	UTVIKLINGS- OG SAMARBEIDS- MIDLAR FOR MUSEUM OG ARKIV	FOND FOR LYD OG BILETE	NORSK- ISLANDSK KULTUR- SAMARBEID
---------------------	----------------------------	----------------------------------	--	---------------------------	--



**540**  
MILL. KR

**247**  
MILL. KR

**219**  
MILL. KR

**36**  
MILL. KR

**33**  
MILL. KR

**1,4**  
MILL. KR

# KULTURRÅDET 2012

Kulturrådet blei oppretta i 1965, og gjev i dag tilskot til kunst og kultur over heile landet. Organisasjonen er ein pådrivar for nye kunst- og kulturprosjekt, driv utviklingsarbeid og er rådgjevar for staten i kulturspørsmål. Kulturrådet har som mål å stimulere til eit nyskapande og mangfaldig kunst- og kulturliv, vere ein synleg og open aktør i samfunnsdebatten og bidra til samhandling.

Kulturrådet forvaltar Norsk kulturfond, Statens kunstnarstipend, Fond for lyd og bilete og andre statlege støtteordningar. I 2012 forvalta Kulturrådet til saman 1,1 milliardar kroner, og handsama over 17 000 søknader totalt. I tillegg til oppgåvene som er direkte knytte til ansvarsområda for dei tre styrande organa, har fagadmi-

nistrasjonen ei sjølvstendig fagleg rolle. Først og fremst dreier det seg om utviklings- og forvaltingsoppgåver som er overførte frå tidlegare ABM-utvikling. Kulturrådet tildeler utviklingsmidlar til arkiv og museum, faglege nettverk og digitale satsingar for arkiv- og museumsfeltet. Fagadministrasjonen er rådgjevar for Kulturdepartementet i spørsmål som gjeld museumspolitikk og arkiv generelt, og det nasjonale museumsnettverket spesielt.

Kulturrådet har også sekretariatsansvar for Den kulturelle skulesekken, er kontakt for EUs kulturprogram og ansvarleg som programpartner for fire land i EØS' kulturutvekslingsfond.

## ÅRET I TAL

TAL PÅ SØKNADER

**17 111**

17 573 i 2011

TAL PÅ TILDELINGAR

**4 944**

4 381 i 2011

TILSETTE I KULTURRÅDET




**128**

106 i 2011

TAL PÅ OPPNEMNDE MEDLEMAR I  
STYRE, RÅD OG UTVAL**264**


272 i 2011

BUDSJETTFORDELING

UTVIKLING I TALET PÅ SØKNADER  
2007–2012

# Fylkesvis oversikt – fordeling av midlar

- UTVIKLINGSMIDLAR ARKIV OG MUSEUM
- FOND FOR LYD OG BILETE
- STATENS KUNSTNARSTIPEND
- NORSK KULTURFOND
- TAL PÅ SØKNADER
- TAL PÅ TILDELINGAR






Foto: Agnetha Brun



## Direktøren har ordet

# Kulturrådet i bevegelse

I 2012 fordelte Kulturrådet 1,15 milliardar kroner til tusenvis av gode tiltak over heile landet. Aldri før er det søkt om så mykje midlar til så mange gode tiltak som i 2012. Og vi ser bevegelse. Bevegelse i sjangeroverskridande tiltak, bevegelse i retning av betre søkerader og bevegelse i retning av endå betre geografisk spreiing frå dei ulike støtteordningane våre. Kulturrådet har alltid vore oppteke av at heile landet skal nyte godt av ordningane våre. Derfor valde vi å besøkje alle fylke i landet i 2012. Målet var å etablere ei plattform for dialog mellom dei ulike forvaltningsnivåa. Vi håpar og trur dette kan danne grunnlaget for god samhandling i åra som kjem.

Kulturrådets mange tusen søkerar har merka, og vil snart få merke, at Kulturrådet er i bevegelse. I 2012 starta vi ein omfattande prosess som medfører ei historisk modernisering og profesjonalisering av

heile tilskotsforvaltninga vår. Arbeidet blir intensivert i 2013, og snart innfører vi elektronisk behandling av alle søkerader. Målet er å gjøre det endå enklare for søkerane.

Kulturpolitikken er også i bevegelse. I 2012 blei det arbeidd med ny lov om Norsk kulturråd, Grundutvalet omtalte utfordringane på forskingsfeltet, det blei lagt fram ei stortingsmelding om visuell kunst, og Anne Enger leia arbeidet som skulle føre til ei evaluering av Kulturløftet og vise oss vegen vidare. Dette er eksempel på eksterne rammevilkår og diskusjonar som bidreg til at Kulturrådet er i bevegelse.

Kulturrådets rolle som ein vesentleg samfunnsaktør er omtalt av mange i 2012. Ambisjonen vår i 2013 er å bekrefte at vi er klare til å ta på oss ansvaret som blir forventa av oss. Vi ser fram til eit nytt år i bevegelse.

*Anne Aasheim  
Direktør*




*Det eviga leendet/The eternal smile*, framsyning av Verk produksjoner, som kom inn på Kulturrådets ordning for basisfinansiering av frie scenekunstgrupper i 2012. Foto: Verk produksjoner

UTVIKLINGS- OG SAMARBEIDS-  
MIDLAR MUSEUM OG ARKIV

SIKRINGSIDLAR  
MUSEUM

DIVERSE UTVIKLINGS-  
OG SAMARBEIDSTILTAK

PRIVATARKIV



**15,5**  
MILL. KR



**9,7**  
MILL. KR



**6,4**  
MILL. KR



**4,4**  
MILL. KR

# ARKIV, MUSEUM OG E-KULTUR

Kulturrådet skal initiere og gje tilskot til eit breitt spekter av samarbeids- og prosjekttiltak på museums- og arkivfeltet. Både eigeninitierte og eksterne prosjekt er viktige verkemiddel for Kulturrådet i rolla som utviklingsaktør. Når det gjeld eksterne prosjektmidlar, er ein viktig føresetnad for tildeling at dei blir brukte til prosjekt som er nyskapande og har overføringsverdi til større grupper av institusjonar. Digital tilgang til samlingane er eit viktig

satsingsområde både for eigeninitierte tiltak og for eksterne prosjekt det blir løyvd midlar til.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/museum-arkiv-og-kulturvern](http://kulturradet.no/museum-arkiv-og-kulturvern)

TILDELINGSLISTER:

[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

## AVSETJING

**36 000 000 kr**

34 200 000 kr i 2011

## SAMLA SØKNADSSUM

**92 322 836 kr**

79 417 229 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER

**254**

212 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR

**128**

110 i 2011

**254****128**


## SØKNADER / TILDELINGAR

## SAMLA SØKNADSSUM

**92,3**  
MILL. KR**36**  
MILL. KR

## AVSETJING

## MIDLANE BLEI FORDELTE SLIK



	SAMLA SØKNADSSUM	TILDELINGS-SUM	SØKNADER	TILDELINGAR
Utviklings- og samarbeids-midlar	59 115 916	15 510 000	158	68
Privatarkiv	20 156 960	4 365 000	65	31
Sikringsmidlar	13 049 960	9 694 000	31	29
Totalt	<b>92 322 836</b>	<b>29 569 000</b>	<b>254</b>	<b>128</b>

# Arkivutvikling

Viktige satsingsområde i 2012 har vore utvikling av privatarkivområdet, utvikling av felles, digital infrastruktur og formidlingstiltak som gjer arkiv meir kjende og tilgjengelege for nye brukarar.

## Utvikling av privatarkivarbeidet

Som fylkeskoordinerande institusjon for privatarkivarbeid fekk IKA Trøndelag midlar til å greie ut om det burde etablerast ein institusjon for privatarkivarbeid i Sør-Trøndelag. I Hedmark og Buskerud blei det sett i gang arbeid med fylkesvise samhandlingsplanar for privatarkiv på initiativ frå Kulturrådet.

## Styrking av digital infrastruktur

For å styrke digital infrastruktur gav Kulturrådet støtte til å etablere ein forvaltningsorganisasjon med representantar frå kommunal sektor omkring resultata frå det såkalla DIAS-prosjektet (Digital arkivpakkestruktur), som tidlegare har vore tungt finansiert med utviklingsmidlar frå Kulturrådet.

Kommunenes digitale ressurscenter fekk støtte til to prosjekt for å vidareutvikle infrastruktur for langtidsbevaring av elektronisk skapt materiale i kommunal sektor.

## Tilgjengeleggjering og formidling av arkivmateriale

I 2012 delte Kulturrådet ut prosjekt- og utviklingsmidlar til prosjekt knytt til ulike aspekt ved digital formidling og tilgjenge-

Arkivportalen hadde 48 ulike arkivinstitusjonar med eit samla volum på ca. 35.000 katalogopplysningar og digitaliserte objekt ved utgangen av 2012. Kulturrådet har hatt jamleg dialog med stiftinga Asta om tilpassingar for hausting av data og for vidareutvikling av tenestene i Arkivportalen, inkludert appar for Android og iPhone.

Opplandsarkivet, avdeling Maihaugen fekk støtte til ei marknads- og brukarundersøking som gjev informasjon om effekten av tidlegare utoverretta aktivitet i regionen. I tillegg gav Kulturrådet både støtte til og initierte ei rekke prosjekt for å gjere arkiv meir kjende og tilgjengelege, og for å sikre brukarmedverknad og sosial inkludering i tenesteutviklinga.

## Immateriell kulturarv, Memory of the World

Kulturrådet skal følgje opp arbeidet med å iverksetje UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven. Vidare skal Kulturrådet arbeide med informasjon om konvensjonen og utarbeide prosedyrar for nominering. I startfasen legg ein primært vekt på urfolks og minoritetars immaterielle kulturarv. I tillegg til å arrangere ein stor nasjonal konferanse om immateriell kulturarv i Trondheim i oktober utarbeidde Kulturrådet i 2012 prosedyrar for nominasjon til UNESCOs internasjonale lister.

I 1992 lanserte UNESCO programmet Memory of the World (MOW) for å beskytte og fremje

dokumentarven i verda. Den norske komiteen arbeider med MOW-programmet både på nasjonalt og internasjonalt plan. Kulturrådet er sekretariat for komiteen. I tillegg til det internasjonale registeret blir det arbeidd for å etablere nasjonale og regionale register. Det norske registeret, Noregs dokumentary, blei lansert 8. februar 2012 på eit arrangement i Kulturrådet. Lanseringa fekk brei pressedeckning. Komiteen behandla i 2012 fire forslag til nominasjonar til Internasjonal liste. To av forslaga blei sende vidare til UNESCO-kommisjonen.

## Støtteordning for privatarkiv

Støtteordninga for privatarkiv, retta inn mot ein samla arkiv- og museumssektor, er eit viktig verkemiddel i Kulturrådet sitt arbeid med å legge til rette for og koordinere arbeidet med arkiv frå privat samfunnssektor. Med privatarkiv meiner ein arkiv som er skapte av og dokumenterer private bedrifter, institusjonar, organisasjonar og personar. I 2012 kom det inn 65 søknader med ein samla søknadssum på over 20 millionar kroner. 31 prosjekt fekk tilskot, med ein samla tildelingssum på 4,4 millionar kroner.

## Arkivstatistikk

Kulturrådet samlar kvart år inn statistikk frå norske arkiv. Arkivstatistikken omfattar reine arkivinstitusjonar og museum som har oppgjeve at dei oppbevarer ei arkivsamling. For 2011 omfatta statistikken 68 reint arkivfaglege institusjonar, i tillegg til 145 mu-

seum, bibliotek og andre institusjonar med arkiv. Til saman blei det samla inn statistikk frå 213 institusjonar med arkiv.

**LES MEIR PÅ:**  
[kulturradet.no/arkiv](http://kulturradet.no/arkiv)

**TILDELINGSLISTER:**  
[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)



01

- 01 Landstasjonen Skaarø på Karlsøy i Troms. Kvalfangstarkivet er nominert til Noregs dokumentarv.  
Foto: Hvalfangstmuseets fotoarkiv

- 02 Arkivdagen 2012. Tema for Arkivdagen 2012 var møteplassar.  
Foto: Den norske studentforening / Riksarkivet

- 03 Sàmi Arkiiva / Samisk arkiv. Tildelt midlar frå støtteordninga for prosjekt- og utviklingstiltak for museum og arkiv til etablering av joikearkiv. Foto: Samisk arkiv



02



03

# E-kultur

Hovudsatsingane på e-kulturfeltet i 2012 har vore å styrke den digitale infrastrukturen og arbeid med utvikling og omlegging av dei nasjonale fellesløysingane. Vi har lagt vekt på digitalt innhald og korleis ulike innhaldstypar kan styrke kvarandre og brukast i formidling, på nett og i mobile samanhengar.

## Digitalt innhald og formidling på kunstfeltet

I museums- og arkivsektorane er det etablert ein velfungerande infrastruktur for digital innhaldsforvaltning, men på område som scenekunst og visuell kunst er biletet langt meir fragmentert. Det blei derfor utlyst eit engasjement i 2012 for å kartlegge status for og auke omfanget av digitalisert innhald frå kunstfeltet. Spørsmål knytte til opphavsrett, brukarmedverknad og opne data / datadeling er sentrale problemstillingar i dette prosjektet.

## Digitalt fortalt

Digitalfortalt.no er ei interaktiv formidlingsteneste for forteljingar knytte til kulturarv frå heile landet. Ved utgangen av 2012 inneheldt Digitalfortalt.no ca. 2900 forteljingar, hadde hatt 125 000 besök og generert ca. 1700 kommentarar.

Arbeidsgruppa bak Digitalfortalt.no har vore involvert i innhaldsproduksjon i prosjektet Kultur- og naturreiser, har gjennomført kurs i digitale forteljingar ulike stader, og det har vore eit tett samarbeid med prosjektet *Rallarvegen*, som er drive og

initiert av Hordaland fylkeskommune.

I januar 2012 blei innhald frå Digitalfortalt.no ein integrert del av søkjetenesta i Digitaltmuseum.no.

## Samarbeid om Wikipedia for arkiv, museum og kunst

Wikipedia for arkiv, museum og kunst er eit samarbeidsprosjekt mellom Wikimedia Norge, Kulturrådet og ein del arkiv, bibliotek og museum. Målet er at kunst- og kulturfeltet skal bli best mogleg representert på Wikipedia og i andre kunnskapskjelder. For å få til dette er det nødvendig med ein omfattande digital dugnad i Wikipedia. Kulturrådet bestemte derfor våren 2012 å gje tilskot til kurs der institusjonar og fagfolk innanfor kultursektoren bidreg med innhald på Wikipedia. Det blei etablert faggrupper med deltakarar frå arkiv, museum og kunst og gjeve støtte til meir enn 30 kurs over heile landet.

## Europeana, Norvegiana og Europeana Awareness

Europeana.eu fungerer som inngang til meir enn 23 millionar digitaliserte bøker, måleri, filmar, gjenstandar og arkivmateriale frå Europa. Åtte prosent av dette innhaldet kjem i dag frå Noreg. Kulturrådet er ansvarleg for å samle inn norsk museums- og arkivinnhald til *Europeana*. Kulturrådet har i 2012 arbeidd med å utvikle og forsterke Noregs infrastruktur for hausting av kulturdata: Norvegiana. Norvegiana samlar data frå ulike norske kjelder som Arkivportalen,

Digitalt Museum og Digitalt Fortalt og gjer materialet tilgjengeleg på Europeana. Det er meir enn fire millionar objekt tilgjengelege via Norvegiana, og 1,3 millionar av desse er vidareførte til Europeana-portalen. I 2012 utvikla Kulturrådet, i samarbeid med prosjektet Kultur- og naturreise, Norvegianas API.

API-et er meldt inn som ei viktig datakjelde til DIFIs konkurranse apps4norge.no.

Kulturrådet er prosjektpartner i det treårige europeiske prosjektet *Europeana Awareness*. Det starta opp i januar 2012 og har mellom anna som mål å auke medvitet blant politikarar, institusjonar og brukarar om Europeana.eu som inngang til Europas felles kulturarv, og å vidareutvikle innhald og bruken av portalen. Som prosjektpartner har Kulturrådet sett søkjelys på handtering av brukar-generert innhald, forholdet mellom turistindustrien og kultursektoren, opphavsrettsproblematikk og korleis ein kan auke bidrag frå underrepresenterte grupper som lokale og regionale arkiv. Arbeidet i prosjektet har stor overførings-verdi til andre område av Kulturrådet sitt arbeid.

## Omlegging av Kulturnett.no og digital verdiauke

Arbeidet med å avvikle dei emnekartbaserte tenestene i Kulturnett.no blei vidareført i 2012. Innhaldet i emnekartet blei erstatta med innhaldet i Norvegiana, og dermed får regionale kulturnett og andre tilgang til Norvegiana API. Omlegginga er ein viktig del av arbeidet med

nasjonale fellesløysingar som grunnlag for å utvikle avanserte tenester.

Under temaet digital verdiauke og kvalitet har vi mellom anna arbeidd med å kartlegge standar- der for metadata, med innhen- ting av statistikk om tenester og bruk, semantisk web og Linked Open Data. Norsk kunstnar- register er blitt etablert på nye nettsider og i kulturnett.no, vi har etablert eit digitaliserings- miljø for audio og video og følgt opp og hatt fagleg dialog med Kultur-IT, Arkivportalen og Asta.

### Prosjektet Kultur- og naturreise

I samband med prosjektet Kul- tur- og naturreise, som er eit samarbeid mellom Riksantikva- ren, Statens kartverk, Direkto- ratet for naturforvaltning og Kul- turrådet, har Kulturrådet vore engasjert på fleire område. Dels har vi vore ansvarlege for med- arbeidarane i prosjektgruppa, dels for dei aktivitetane som blir gjennomførte i prosjektet.

**LES MEIR PÅ:**


[kulturnradet.no/e-kultur](http://kulturnradet.no/e-kultur)

**TILDELINGSLISTER:**

[kulturnradet.no/tildelingslister](http://kulturnradet.no/tildelingslister)



01



02

01 Frå ei digital forteljing om Fredrikke Marie Qvam, laga til stemmerettsjubileet på Digitalt Fortalt. Foto: Severin Worm-Petersen. Riksarkivet, Norske Kvinners Sanitetsforening

02 Akerselva er eit pilotområde for Kultur- og naturreiser. Foto: Marit Kjeksrud Amundsen

# Museumsutvikling

## Satsing på samlingsforvaltning og kompetanseheving

Kulturrådet har i 2012 i større grad enn tidlegare lagt vekt på rolla som koordinator og pådrivar, med pilotprosjekt og samordning av fellestiltak som tek sikte på å heve museumssektoren grunnleggjande kvalitetar. Vi har sett i gang større samarbeidsprosjekt om samlingsforvaltning og kompetanseheving ved utvalde museum, og har ført vidare nye initiativ innanfor forsking, formidling og fornying.

Kulturrådet sitt prosjekt BRUDD er eit godt døme på nyskapande museumsprosjekt med overføringsverdi. Prosjektet er ført vidare i 2012. Seks museum samarbeider om å utvikle og realisere den samfunnsrolla musea har med tanke på å drive kritisk formidling og å fremje marginaliserte historier.

### Samlingsforvaltning

Kulturrådet gjennomførte i 2012 fleire møte og seminar der standardar og verktøy innanfor samlingsforvaltning var tema. Vi kartla behov for nye standardar, og informerte om og diskuterte eksisterande standardar og verktøy. Vidare har vi evaluert støtta frå Kulturrådet til arbeid med den europeiske standardiseringsorganisasjonen CENs standardar, og det blir vurdert som ein sentral del av Kulturrådet si satsing på standardisering.

Kulturrådet har arbeidd med å omsetje, tilpasse og implementere den britiske standarden for samlingsforvaltning, SPECTRUM, til norsk, i samarbeid med eit utval museum.

Kulturrådet støttar fleire tekniske utviklingsprosjekt, også fagleg. Vi har forma eit omfattande kravspefikasjonsdokument for ein konserveringsmodul i Primus og sett i

gang eit prosjekt som skal vurdere logistikkverktøy i musea.

Kulturrådet har samarbeidd med KulturIT om verktøy for å hente statistisk materiale fra alle norske Primus-basar, på tvers av institusjonar.

Vi har også førebudd støtte til prosjekt for utvikling av ein modul for forvaltning, drift og vedlikehald for bygningar (FDV-modul) i Primus, og engasjert ein medarbeidar i eit toårig prosjekt innanfor bygningsvern, for å styrke arbeid og samordning på dette feltet.

### Faglege museumsnettverk

Kulturrådet koordinerer budsjett-søknader og rapportering for dei 70 musea som er ein del av Det nasjonale museumsnettverket. I 2012 fekk dei nettverksansvarlege institusjonane tilført 40 000 kroner kvar i stimuleringsmidlar, som ledd i ein styrkt dialog mellom Kulturrådet og nettverka. Arbeidet og dialogen blir følgt opp i 2013.

### Kompetanseheving

Kulturrådet har gjennomført fleire prosjekt for å heve kompetansen i museumssektoren. I 2012 starta vi opp eit prosjekt som skal føre til ei styrkt og meir systematisk kompetanseheving i musea. Gjennom prosjektet har vi kartlagt eksisterande kompetansetiltak i museumssektoren, både i Noreg og utlandet, og vurdert om det er mogleg å samarbeide med universitets- og høgskolesektoren. Kulturrådet har gjennomført ei undersøking av behovet for kompetanse på bygningsvern i musea. Rapport blei send til Kulturdepartementet. I samarbeid med Musea i Sør-Trøndelag har Kulturrådet gjen-

nomført todagarskurs i samlingsforvaltning. Kulturrådet er i ferd med å byggje opp eit breiare program for kompetanseheving, og dette var det første konkrete tiltaket, med blant anna søkjels på prioritering og standardar.

### Samarbeidstiltak på tvers av forvaltningsgrenser

Kulturrådet vidareførte i 2012 sektorsamarbeidet om kystkultur med Riksantikvaren, Kystverket og Fiskeridirektoratet. Det er etablert eit nært samarbeid mellom museumsnettverka og dei fire etatane. Hovudsatsinga er ein serie forteljingar i hefteform, *Fortellinger om Kyst-Norge*. Målet er gje ut 14 hefte til 2014. Dei blir lanserte som ein del av grunnlovsjubileet.

Kulturrådet er ansvarleg for utføring og innføring av kulturgjenstandar etter § 23 i Kulturminnelova. Saman med andre har Kulturrådet gjennomført fleire informasjonstiltak, mellom anna har vi hatt undervisning i kultukrimdelen av etter- og vidareutdanningsstudiet i Miljøkrim ved Politihøgskolen.

Saman med andre har Kulturrådet i 2012 utvikla spelkortstokken «Protect Cultural Heritage». Intensjonen med denne kortstokken er å auke kunnskapen om kulturarv og å fortelje korleis ein kan bidra til å bevare han. Kortstokken blei lansert på Reiselivsmessen i Oslo i 2013.

### Forvaltning av museumssektoren

Målet med museumsreforma 2001 var å styrke dei museumsfaglege miljøa. Prosessar for regional samanslåing av museum over heile landet har gripe inn i eigarstrukturar, eigedomsforhold,

organisasjonsform og organisering. Kulturrådet har i 2012 sett i gang ei evaluering som særleg legg vekt på organisatoriske aspekt ved museumsreforma. Formålet er både å styrke Kulturrådet sitt eige kunnskapsgrunnlag for vidareutviklinga av museumspolitikken og å bidra med kunnskap inn til utviklingsarbeidet i musea. Evalueringa blir utført av Arbeidsforskinsstituttet og skal vere ferdig sommaren 2013.

Vi har elles gjennomført ei rekke møte med museum og fylkeskommunar gjennom året. Aktiviteten spenner over eit vidt spekter: presentasjonar av statens museums-politikk, møte med museum som er i gang med konsolideringsprosessar, møte om investeringssøknader og anna.

Kulturrådet samlar kvart år inn statistikk frå norsk museum. Museumsstatistikken for 2011 omfatta 134 museumsinstitusjonar.

Kulturrådet koordinerer budsjett-søknader og rapportering for dei 70 musea under Kulturdepartementet sitt budsjett kap. 328 post 70. Rapportane frå musea var grunnlaget for Kulturrådet sine vurderingar av museumsfeltet og dei einskilde musea, til bruk i samband med budsjettproposisjonen for 2013. Kulturrådet gjev òg ei fagleg vurdering til Kulturdepartementet av investeringssøknader om nye museumsbygg over posten nasjonale kulturbygg.

**LES MEIR PÅ:**  
[kulturradet.no/museum](http://kulturradet.no/museum)

**TILDELINGSLISTER:**  
[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)



01




02



03

- 01 Frå utstillinga *Et lite stykke Helse-Norge: Portrett av helseenteret for papirløse migranter* på Medisinsk museum / Norsk Teknisk Museum. Utstillinga er ein del av BRUDD-prosjektet og har fått prosjektmidlar frå Kulturrådet. Foto: Håkon Bergseth, Norsk Teknisk Museum
- 02 Frå utstillinga *Folkemusikk og nasjonalisme*, Valdres Folkemuseum. Utstillinga fekk prosjektmidlar frå Kulturrådet. Illustrasjon: Velour
- 03 Kortstokken *Protect Cultural Heritage* er laga i samarbeid med Forsvaret, Riksantikvaren, ICOM Noreg og Blue Shield.



# NORSK KULTURFOND

Norsk kulturfond blir forvalta av eit kollegialt råd som er oppnemt av regjeringa. Rådet består av ti rådsmedlemar. Rådet skal arbeide for å:

- styrkje kunst- og kulturuttrykk i samtida
- bevare, dokumentere og formidle kulturarv
- gjere kunst og kultur tilgjengeleg for flest mogleg

Kulturfondet skal stimulere den frie delen av kunst- og kulturlivet og betre vilkåra for kunstnarisk produksjon og formidling. Stortinget løvvde 540 millionar kroner til Kulturfondet i 2012. Dette var ein auke på om lag fem prosent frå 2011. Samtidig auka den samla søknadsmassen med nesten 750 søknader, ein auke på nesten 11 prosent.

Hovudfordelinga av fondsmidlane til dei ulike fagområda blir fastsett gjennom budsjettvedtaket i Stortinget. Fagområda er litteratur og tidsskrift, visuell kunst, musikk, scenekunst, kulturvern, kulturbrygg, barne- og ungdomskultur og andre formål, i tillegg til ein eigen FoU-seksjon. Musikkavsetninga var den som auka mest i 2012, blant anna fordi midlar frå dei offentlege

konsertane til Rikskonsertane blei overførte til Kulturrådets arrangørstøtteordning.

Mange av søknadene som kjem inn til Kulturfondet, fell utanfor eller går på tvers av etablerte fag- og satsingsområde. Ein del av desse tiltaka er tverrfaglege og blir derfor behandla parallelt i fleire fagutval og kan få støtte frå fleire avsetningar. Dei siste åra har rådet sett tendensar til at stadig fleire prosjekt ligg i skjerringpunktet mellom dei etablerte kunstområda. Rådet ønskjer å rette særskild merksemd mot tverrkunstnarleg praksis og tverrfagleg samarbeid og arbeider aktivt for samarbeid på tvers av fagfelt og fagutval.

Det er rådet og fagutvala som er oppnemde av rådet, som fordeler midlar frå Kulturfondet til kunst- og kulturprosjekt over heile landet. Midlane blir i hovudsak fordelte på grunnlag av dei rundt 7 500 søknadene som kjem inn kvart år, men går også til tiltak på område der rådet sjølv meiner det trengst ein særskild innsats. Søknadene blir vurderte og prioriterte ut frå fagleg og kunstnarisk skjønn.

## ÅRET I TAL

## AVSETJING

**539 954 000 kr**

511 917 000 kr i 2011

## SAMLA SØKNADSSUM

**1 615 644 892 kr**

1 363 333 570 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER

**7 540\***


6 803 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR


**2 665\***

2 423 i 2011


\* Ekskl. innkjøpsordningane for litteratur



## FORDELING PÅ FAGOMRÅDE



## UTVIKLING KULTURFONDET 2003–2012




# Året i tal

OMRÅDE	AVSETJING I KR	TAL PÅ SØKNADER	TAL PÅ TILDELINGAR	SAMLA SØKNADSSUM
Allmenne kulturformål	68 760 000			
Rom for kunst	19 393 000	72	29	75 512 388
Barne og unge	16 756 000	467	166	76 591 289
Andre formål	7 344 000	85	36	20 253 000
Æresprisen	830 000			
Andre formål, fleirårige tiltak	22 854 000			
FoU	2 433 000			
Biletkunst og kunsthandverk	29 220 000	1178	327	185 465 956
Musikk	164 751 000	3931	1393	643 814 585
Scenekunst	106 430 000	1135	324	476 130 448
Litteratur	160 672 000			
Litteratur eks. innkjøp	17 072 000	347	271	32 131 000
Innkjøpsordningane*	119 500 000	1124	629	
Periodiske publikasjoner	24 100 000	96	64	48 046 226
Kulturvern	10 121 000	229	82	57 700 000
<b>Sum inkl. innkjøpte bøker</b>	<b>539 954 000</b>	<b>8664</b>	<b>3294</b>	<b>1 615 644 892</b>
<b>Sum eks. innkjøpte bøker</b>	<b>420 454 000</b>	<b>7540</b>	<b>2665</b>	<b>1 615 644 892</b>

\* Tal i kolonner for søknader og tildelinger gjeld påmeldinger og innkjøp for innkjøpsordningane pr. 20. april 2013


## Utvikling av Kulturfondet 2003-2012

eksl. innkjøpsordningane for litteratur



# Fylkesvis fordeling


- TAL PÅ SØKNADER
- TAL PÅ TILDELINGAR



# Fylkesvis fordeling


**2012**

FORHOLD MELLOM SØKNADSSUM OG TILDELINGSSUM FORDELT PÅ FYLKE




**Gjennomsnitt 2008–2012**

FORHOLD MELLOM SØKNADSSUM OG TILDELINGSSUM FORDELT PÅ FYLKE




**2012**

## FORHOLD MELLOM TALET PÅ SØKNADER OG TILDELINGAR FORDELTE PÅ FYLKE 2012

**Gjennomsnitt 2008–2012**

## FORHOLD MELLOM TALET PÅ SØKNADER OG TILDELINGAR FORDELTE PÅ FYLKE





# Rådsleiaren har ordet

Kulturrådet si årsmelding for 2012 vitnar om høg aktivitet på alle område. Auken i løvingane frå Norsk kulturfond dei siste åra blir meir enn utjamna av talet på søkjarar til dei ulike ordningane, og konkurransen om å få midlar frå fondet er derfor større enn nokon gong tidlegare. Det er ingen mangel på gode prosjekt, og den kunstnariske kvaliteten ser ut til å vere stigande. Utviklinga er både gledeleg og urovekkjande; gledeleg fordi alle søknadene vitnar om eit kulturliv i vekst og utvikling, urovekkjande fordi mange gode og støtteverdige prosjekt ikkje når opp i konkurransen og dermed ikkje blir realiserte.

Norsk kulturfond støttar primært prosjekt og tiltak på det ikkje-institusjonaliserte feltet, og det er eit hovudmål at eit breitt spekter av kunst og kultur av høg kvalitet skal vere tilgjengeleg for folk i heile landet. Sjølv om 2012-løvinga på 540 mill. kr isolert sett er eit stort beløp, utgjer ho berre seks prosent av det statlege kulturbudsjettet, og langt mindre enn løvingane til dei faste kunst- og kulturinstitusjonane. Kulturfondet sin del har vore tilnærma uendra dei siste åra, noko som inneber at det frie feltet gjennom Kulturfondet har fått sin del av auken under Kulturløftet, verken meir eller mindre.

Det er all grunn til å glede seg over at kunst og kultur generelt har gode rammer og god oppslutning i Noreg, både blant folk flest og politikarar. Gjennom eit fruktbart samspele mellom institusjonar, frie grupper, enkeltkunstnarar og meir tilfeldig organiserte pro-

sjekt blir kunsten sikra gode utviklingsmogleigheter og vekstpotensial. Også i eit internasjonalt perspektiv er samspele viktig; ei rekke arenaer over heile landet, ikkje minst festivalar, utgjer viktige møteplassar mellom norsk og internasjonal toppkunst. Søknadene til Kulturfondet reflekterer dessutan eit betydeleg samarbeid mellom norske og utanlandske kunstnarar, og med ny teknologi og nye distribusjonskanalar er det god grunn til å hevde at norsk kunst er blitt meir internasjonal dei seinare åra. Utviklinga fører også til skjerpa konkurranse om merksemda, og i sin tur til auka kvalitet innanfor alle kunstformer og sjangrar.

2012 var det første året mitt som leiar av Kulturrådet, og det har vore ein spennande og lærerik prosess. Parallelt med den faste verksemda har rådet løfta blikket mot 2015, då 50-årsjubileet til Kulturrådet skal markerast. Norsk kulturpolitikk har utvikla seg betydeleg i denne epoken, og relativt sett spelte Kulturfondet ei større rolle i starten, då omkring 25 prosent av statens kulturløvingar gjekk gjennom fondet. I 2015 vil vi nyte høvet til å kaste lys over vår eiga rolle, ikkje berre i form av eit historisk tilbakeblikk, men også i relasjon til nåtida og framtida: Kven er vi, kvifor er vi den vi er, kven bør vi vere, og kvar går vegen vidare? Vi ønskjer deltaking frå kulturlivet i ein spennande prosess med fornying som mål.

*Yngve Slettholm  
Rådsleiari*

# Rådsmedlemar

Kulturrådet skal ha ti medlemar med fire numeriske vara-medlemar som blir oppnemnde av Kongen etter tilråding frå Kulturdepartementet. Oppnemningane gjeld for fire år. Oppnemningane skal vere rullerande slik at halvparten av medlemane blir oppnemnde annakvart år. Rådet har til oppgåve å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med

Norsk kulturfonds vedtekter og dei retningslinene som Stortinget fastset. Kulturrådet er rådgjevande organ for Kulturdepartementet i saker som gjeld Kulturfondet, og skal uttale seg i andre spørsmål som departementet legg fram for det, eller som rådet sjølv ønskjer å ta opp.



**IREN REPPEN** (f. 1965)

Reppen er skodespelar og songar og har spelt i show og medverka i tv-seriar. Ho har vore teatersjef ved Hålogaland Teater.



**MARIANNE A. OLSEN** (f. 1966)

Olsen er historikar og har vore tilsett som konservator ved Perspektivet Museum i Tromsø sidan 1997.



**ARNE FAGERHOLT** (f. 1964)

Fagerholt er utdanna ballettdansar og koreograf og er no tilsett som kulturleiar i Orkdal kommune.



**Ingar Sletten Kolloen** (f. 1951)

Kolloen er forfattar og har hatt fleire verv mellom anna på litteraturområdet.



**SOLVEIG ØVSTEBØ** (f. 1973)

Øvstebø er kunsthistorikar, kurator og direktør for Bergen Kunsthall.



**GRO PERSSON** (f. 1956)

Persson er utdanna sivilarkitekt og er byantikvar i Sandnes.



Foto: Ivar Kvaal

## VARAMEDLEMAR

**CORINNE LYCHE CAMPOS** (f. 1968)

Campos har brei erfaring som frilansutøvar i det frie scene-kunstfeltet og har dansa i profesjonell samanheng i over 15 år. Ho er busett i Oslo.

**HARALD SOLBERG** (f. 1954)

Solberg er kunsthandverkar og direktør for Bomuldfabrikken Kunsthall i Arendal. Han er busett i Lillesand.

**LUBA KUZOVNICKOVA** (f. 1976)

Kuzovnikova er kunstnarisk leiar i Pikene på broen og leiar av festivalen Barents Spektakel. Ho er busett i Kirkenes.

**GEIR HARALD SAMUELSEN** (f. 1969)

Samuelsen har delteke på kunstscenen som utstiller og skribent. Han er kunststipendiat ved NTNU/Kit og styreleiar for Kunstnernes Hus. Samuelsen er busett i Oslo.


# Fagutval

Utvala er sentrale i vurderinga av søknadar til Norsk kulturfond. Ein god del saker blir avgjort av rådet i rådsmøta, men dei aller fleste vedtaka blir gjort i fagutvala som har fått delegert vedtaksmyndigheit frå rådet.

Rådet utnemner eit arbeidsutval (AU) der rådsleiaren og nestleiaren er med. AU behandler hastesaker eller førebur særskilte saker for rådet.

## ARBEIDSUTVAL

Yngve Slettholm, Asta Busingye Lydersen og Arnfinn Bjerkestrand.



**ALLMENNE KULTURFORMÅL****FAGLEG UTVAL FOR ROM FOR KUNST OG ANDRE FORMÅL**

Marianne A. Olsen (leiar), Tromsø  
 Lars Petter Hagen, Oslo  
 Sune Norgren, Malmö  
 Hilde Methi, Kirkenes  
 Erling Dokk Holm, Oslo  
 Grete Jarmund, Oslo

**FORSKINGS- OG UTVIKLINGSUTVALET**

Dorte Skot Hansen (leiar),  
 København  
 Svein Bjørkås, Oslo  
 Helge Jordheim, Oslo  
 Terje Hillesund, Bergen  
 Sigrid Lien, Bergen

Observatører: Gunhild Strand Molle og Solbjørg Rauset.  
 I tillegg oppnemner Noregs forskingsråd ein utvalsmedlem.  
 Noregs forskingsråd og Kulturdepartementet har dessutan ein observatør kvar i utvalet.

**FAGLEG UTVAL FOR BARNE- OG UNGDOMSKULTUR**

Asta Busingye Lydersen (leiar),  
 Oslo  
 Torbjørn Gabrielsen, Stamsund  
 Amund Sjølie Sveen, Vadsø/Oslo  
 Hilde Hagerup, Fredrikstad  
 Lars Cuzner, Oslo  
 Boel Christensen-Scheel, Oslo  
 Administrasjonen i samråd med utvalsleiar får fullmakt til å supplere utvalet med ett medlem.

**VISUELL KUNST****FAGLEG UTVAL FOR BILETKUNST**

OG KUNSTHANDVERK  
 Geir Harald Samuelsen (leiar), Oslo  
 Morten Torgersrud, Kirkenes  
 Heidi Bjørgan, Bergen  
 Jana Windern, Oslo  
 Hanne Mugaas, Stavanger/New York

**UNDERUTVALET FOR KUNST OG NY TEKNOLOGI**

Jana Winderen (leiar)  
 Øyvind Brandtsegg,  
 Jill Walker Rettberg,  
 Jørgen Knudsen

**MUSIKK****MUSIKKUTVALET FOR UTØVAR- OG PRODUKSJONSSTØTTE**

Malika Makouf Rasmussen (leiar),  
 Paris/Oslo  
 Elbjørn Raknes, Trondheim  
 Arnfinn Bjerkestrand, Oslo  
 Ragnhild Furebotten, Målselv  
 Rolf Arvind Gupta, Kristiansand  
 Mikal Telle, Bergen

**MUSIKKUTVALET FOR ARRANGØR-STØTTE**

Arnfinn Bjerkestrand (leiar), Oslo  
 Kjersti Vikør, Bergen/Tromsø  
 Christina Henriksen, Kirkenes  
 Tellef Kvifte, Oslo  
 Tone Åse, Trondheim  
 Torbjørn Dyrud, Toten

**MUSIKKUTVALET FOR INNSPE-LINGS- OG PUBLISERINGSSTØTTE**

Martin Eia-Revheim (leiar), Oslo  
 Becaye Aw, Oslo  
 Andreas Risanger Meland,  
 Haugesund  
 Marianne Beate Kielland, Kabelvåg  
 Jorun Marie Rypdal Kvernberg,  
 Volda

**LITTERATUR****FAGLEG UTVAL FOR LITTERATUR**

Erik Fosnes Hansen (leiar), Oslo  
 Ingar Sletten Kolloen, Lillehammer  
 Terje Thorsen, Oslo  
 Eivor Vindenes, Oslo  
 Lisbeth Wærp, Tromsø  
 Torhild Viken, Oslo  
 Nasjonalbiblioteket har ein observatør i utvalet.

**UTVAL FOR PERIODISKE PUBLIKASJONAR**

Helge Rønning (leiar, ukeavis/tidsskrift)  
 Audhild Gregoriusdotter Rotevatn (ukeavis)  
 Eirik Vassenden (tidsskrift)  
 Kathrine Aspaas (ukeavis)  
 Peter Normann Waage (tidsskrift)

**VURDERINGSUTVALET FOR TEIKNESERIAR**

Eivor Vindenes (leiar) Oslo  
 John M. Jacobsen, Oslo  
 Marius Renberg, Oslo  
 Varmedlem: Nils Nordberg,  
 Lørenskog

**VURDERINGSUTVALET FOR BILETBØKER FOR BARN OG UNGE**

Terje Thorsen (leiar), Oslo  
 Lars Elling, Oslo  
 Hanne Kiil, Oslo  
 Varmedlem: Torill Hofmo, Oslo

**VURDERINGSUTVALET FOR PROSA**

Atle Næss,  
 vara: Kirsti Blom  
 Tonje Vold  
 vara: Karianne Bjellås Gilje,  
 Thor Arne Sæterholen  
 vara: Elin Nesje Vestli

**VURDERINGSUTVALET FOR LYRIKK**

Hanne Bramness  
 vara: Øyvind Rimbereid,  
 Mariann Enge  
 vara: Frode Helmich Pedersen  
 Ole Karlsen  
 vara: Thorstein Norheim

**VURDERINGSUTVALET FOR DRAMATIKK I BOKFORM**

Ulf Breistrand  
 vara: Ragnhild Lund  
 Ida Lou Larsen  
 vara: Amund Grimstad  
 Bjarne Markussen  
 vara: Unni Langås  
 Alf Kjetil Walgermo (filmmannus)

**VURDERINGSUTVALET FOR**

**SAKPROSA**

Dag Gjestland

vara: Norunn Askeland

Sissel Margrethe Høisæter

vara: Kjell Lars Berge

Eline Blom Pulsson

vara: Morten Haugen

Camilla Stoltzenberg

Vara: Aage Borchgrevink

**ANKENEMDA FOR DRAMATIKK I**

**BOKFORM**

Leif Høghaug, leiar

Petter Rosenlund,

Elin Høyland,

Ingrid Dokka

**SCENEKUNST**

**FAGLEG UTVAL FOR SCENEKUNST**

(inntil september 2012)

Iren Reppen (leiar), Tromsø

Silje Engeness, Trondheim

Jørgen Knudsen, Bergen

Amanda Steggell, Oslo

Siren Leirvåg, Oslo

Biniam Yhideo, Oslo

Steggell og Leirvåg alternerer i utvalet.

**VURDERINGSUTVALET FOR**

**BARNE- OG UNGDOMSLITTERATUR**

Tor Fretheim

vara: Marianne Viermyr

Jonas Bakken

vara: Andrine Pollen

Tonje Helene Farset Eliassen

vara: Stig Elvis Furset

**FAGLEG UTVAL FOR TEATER**

(frå september 2012)

Iren Reppen (leiar), Tromsø

Silje Engeness, Trondheim

Fredrik Hannestad, Akershus

(oppnevnt i mai)

Jørgen Knudsen, Bergen

Siren Leirvåg, Oslo

Biniam Yhideo, Oslo

**VURDERINGSUTVALET FOR FAG-**

**BØKER FOR BARN OG UNGDOM**

Åshild Irgens

Vara: Tor Edvin Strøm

Anne Stefi Teigland

Vara: Widar Aspeli

Nina Goga

Vara: Jon Severud

**FAGLEG UTVAL FOR DANS**

Arne Fagerholt (leiar) Orkdal

Leif Hernes, Oslo

ZeZe Kolstad, Oslo

Amanda Steggell, Oslo

**ANKENEMDER**

**ANKENEMDA FOR SKJØNN-**

**LITTERATUR**

Heming Gujord, leiar

Trude Marstein,

Arne Olav Hageberg,

Asle Aasen Gundersen,

Dina Roll Hansen

**UNDERUTVAL FOR SCENETEKST**

Silje Engeness, Oslo

Kim Atle Hansen, Oslo

**KULTURVERN**

**FAGLEG UTVAL FOR KULTURVERN**

Gro Persson (leiar), Sandnes

Jon-Ove Steinhaug, Oslo

Nefise Øzkal-Lorentzen,

Nesodden

Petter von Krogh, Drammen

Marit Hosar, Lillehammer

Sigurd Sandmo, Os

**ANKENEMDA FOR SKJØNN-**

**LITTERATUR FOR BARN OG UNGE**

Nina Goga, leiar

Trond Haugen,

Per Knutsen,

Turid Barth-Pettersen,

Vibeke Røgler



Lofotfisket i Henningsvær, 1984. Foto: Kjell O. Storvik, Lofotpostens fotosamling, Arkiv i Nordland. Nordland fylkeskommune/Arkiv i Nordland blei tildelt prosjektstøtte for kulturvern for kartlegging av Lofotpostens fotoarkiv i 2012.

# Rom for kunst

Den overordna målsetjinga til Kulturrådet når det gjeld avsetning til kulturbygg, er å utvikle kunstens rolle og rom i offentlegheita. I 2012 har rådet sett det som ei prioritert oppgåve å imøtekome samtidskunstens behov for produksjons- og formidlingsarenaer. Det er gjeve tilskot til forprosjekt, bygg, etablering av nye arenaer, ombygging og oppgradering av eksisterande arenaer, og fagleg utvikling av arenaer. Rådet har lagt stor vekt på kulturfagleg innhald og kvalitet ved arenaene når det har vurdert prosjekta. Det er teke omsyn til lokal/regional forankring og forankring i kunstmiljøa.

Åtte arenaer har fått støtte til vidareutvikling, etter at dei fekk støtte til arenautvikling i perioden 2006–2008. Desse verksemndene representerer viktige faglege arenaer med spesialkompetanse og internasjonalt nettverk innanfor sitt felt, og bidreg til utvikling av det norske kunstfeltet.

Rom for kunst har i 2012 støtta fleire produksjonslokale på biletkunstfeltet. Blant anna er det løyvd til saman 6 millionar kroner til initiativet *Fellesverkstedet*, ein produksjonsverkstad for store materialbaserte kunstverk i Urtegata 11 i Oslo. Det er også gjeve tilskot til fleire visningsstader på mindre stader i landet.

Andre større tilskot er gjevne til produksjons- og visningslokalet Cornerteatret i Bergen, og til etable-

ring av prøvelokale for profesjonelle dansegrupper i Nydalen i Oslo. Vidare er det gjeve tilskot til teknisk formidlingsutstyr til to scenar: *Rådstua teater* i Tromsø, og *Samovarteatret* i Kirkenes.

Rom for kunst-avsetninga har i 2012 vore med og bidrige til etablering av litteraturhusa i Bergen og Odda og eit låne- og delebibliotek i Groruddalen i Oslo med donerte bøker, eigenekspederte utlån, og moglegheit for å byte framsette bøker med eigne.

I 2008 sette Kulturrådet av midlar til evaluering av den treårige forsøksordninga Arenautvikling. Administrasjonen i Kulturrådet har utarbeidd ein intern rapport om prosjektet med identifisering av framtidige utfordringar. Notatet, saman med den store utgreiinga *Lokalt kulturliv i endring* og evalueringa av basisfinansieringsordninga på scenekunst, gjev til saman ei vurdering av arenautviklingsprogrammet. Gjennom desse rapportane har det kome til syne eit behov for eit meir inngåande og spesifikt kunnaksprosjekt om kunstarenaer og kulturbygg. Derfor er det sett i gang ei større utgreiing i 2012. Det er Uni Rokkansenteret som lagar denne utgreiinga.

**LES MEIR PÅ:**  
[kulturradet.no](http://kulturradet.no)

**TILDELINGSLISTER:**  
[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

## AVSETJING

**19 393 000 kr**

18 790 000 kr i 2011

## SAMLA SØKNADSSUM

**75 512 388 kr**

111 837 885 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER


**72**

90 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR

**29**

39 i 2011

**72**


## SAMLA SØKNADSSUM

**75,5**  
MILL. KR**19,4**  
MILL. KR


## AVSETJING

## FORHOLD MELLOM SØKNADSSUM OG TILDELT SUM

År	Samla søknadssum	Samla avsetjing	Forhold mellan tildeling og søknadssum
2008	111 105 522	15 185 000	14 %
2009	72 950 321	16 185 000	22 %
2010	70 957 277	18 185 000	26 %
2011	111 837 885	18 790 000	17 %
<b>2012</b>	<b>75 512 388</b>	<b>19 393 000</b>	<b>26 %</b>

UTVIKLING SØKNADSSUM  
OG AVSETJING 2008–2012

## MIDLANE BLEI FORDELTE SLIK



# Barne- og ungdomskultur

Norsk kulturråds arbeid på barne- og ungdomskulturturområdet byggjer på ein visjon om at alle barn og unge i Noreg skal få oppleve nyskapande og engasjerande kunst og kultur av høg kvalitet. Ein viktig del av Kulturrådet sitt arbeid på området i 2012 har derfor vore å jobbe vidare med den fleirårige sat-singa *Kunstløftet*, som starta opp i 2008.

Avsetjinga på området barne- og ungdomskultur i 2012 har med dette vore delt i to, og i hovudregel gjeld følgjande:

- Søknader frå profesjonelle kunstnarar og kunstmiljø om støtte til nyskapande kunstproduksjonar for barn og unge, og prosjekt som utforskar, diskuterer og bidreg til å fremje vilkåra for og formidlinga av slike produksjonar, har blitt behandla under Kunstløftet.
- Søknader om støtte til andre formidlingstiltak og prosjekt der barn og unge er med som sentrale utøvarar, har blitt behandla under *Prosjektstøtte barne- og ungdomskultur*.

## Prosjektstøtte barne- og ungdomskultur

Avsetjinga på området barne- og ungdomskultur skal gå til tiltak for barn og unge i alderen 0 til 25 år. I strategiplanen for perioden 2011–2014 heiter det at det i behandlinga av søknader skal gjevast prioritet til tiltak av høg kvalitet der profesjonelle kunstnarar er med, prosjekt som tek vare på barn og unges eigne ytringar under leiing av profesjonelle kunstnarar, og prosjekt som bidreg til utvikling av nye arenaer, møteplassar og formidlingsformer for barn og unge.

Søknadstala dei siste fem åra viser tydeleg at det er ein stor auke i søknader til prosjekt for barn og unge. Sidan 2008 er søknadsmengda nesten fordobla. Auken kan i hovudsak forklarast med arbeidet knytt til *Kunstløftet*.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/barn-og-unge](http://kulturradet.no/barn-og-unge)

TILDELINGSLISTER:

[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

## AVSETJING

**16 756 000 kr**

16 252 000 kr i 2011

## SAMLA SØKNADSSUM

**76 591 289 kr**

105 434 000 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER

**467**

439 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR

**166**

144 i 2011

**467****166**

## SØKNADER / TILDELINGAR


## SAMLA SØKNADSSUM

**76,6**  
MILL. KR**16,8**  
MILL. KR

## AVSETJING

## FORHOLD MELLOM SØKNADSSUM OG TILDELT SUM

År	Samla søknadssum	Samla avsetjing	Forhold mellan tildeling og søknadssum
2008	49 090 187	13 780 000	28 %
2009	55 209 625	14 780 000	27 %
2010	76 734 424	15 780 000	21 %
2011	105 434 000	16 252 000	15 %
<b>2012</b>	<b>76 591 289</b>	<b>16 756 000</b>	<b>22 %</b>

UTVIKLING SØKNADSSUM  
OG AVSETJING 2008–2012

SØKNADSSUM  
AVSETJING

# Barne- og ungdomskultur

## Kunstløftet

AVSETJING

**8 000 000 kr**

TAL PÅ SØKNADER

**150**

TAL PÅ TILDELINGAR

**53**

I 2012 kom det inn 150 søknader, og det blei gjeve tilskot til 53 prosjekt. Moment det er lagt vekt på i tildelingane, er om prosjekta har evne til å gå i dialog med barn og ungdoms erfaringar og liv, og korleis dei unge eventuelt er tekne med som deltagarar i kunstnariske prosessar. Det er også lagt vekt på bruk av nye verkemiddel som relasjonell kunstpraksis og digital teknologi, og behovet for å stimulere til diskusjon rundt kunstens og kulturens plass i barn og ungdoms liv.

### Plattform for kritikk for kunst for barn og ungdomar

Denne tverrfaglege satsinga som skal gå over tre år, er initiert av *Kunstløftet* og finansiert som eit spleislag mellom Kunstløftet, andre formål og kunstfagutvala (litteratur, scene, musikk og visuell kunst). Det blei lyst ut midlar hausten 2012, og ei samanslutning av dei eksisterande nettstadene scenekunst.no, kunstkritikk.no, barnebokkritikk.no og ballade.no fekk tilslaget. Ein del av prosjektet var å etablere ei nettbasert plattform som skal publisere kritikkar av kunstprosjekt for barn og ungdomar kvar veke på alle kunstområde, og kommentere hendingar og kulturpolitiske tema som er viktige for målgruppene. Tiltaket blir vurdert som ei viktig styrking av vilkåra for kvalitetsvurdering og anerkjenning av kunst for barn og unge.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/kunstloftet](http://kulturradet.no/kunstloftet)

TILDELINGSLISTER:

[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

PROSJEKTEKSEMPEL BARN OG



01



04

## UNGE, KUNSTLØFTET OG ROM FOR KUNST



02



03

01 Frå kunstprosjektet KROM – Kropp og rom. Prosjekt blei støtta av Kunstløftet. Foto: Camilla Myhre

02 Fellesverkstedet er ein produksjonsverkstad for store materialbaserte kunstverk i Urtegata i Oslo. Fekk tilskot frå støtteordninga for Rom for kunst. Foto: Fellesverkstedet

03 Cirkus Xanti, mobil sirkuslandsby. Fekk tilskot frå støtteordninga for bestillingsverk og støtteordninga for gjestespel/formidling. Foto: Stefania Rotal/Cirkus Xanti

04 Rådstua teaterhus i Tromsø. Fekk tilskot frå støtteordninga for Rom for kunst. Foto: Tromsø kommune

# Andre formål

Kulturrådet har òg ei avsetjing for tiltak som fell utanfor eller går på tvers av dei etablerte fagområda biletkunst, litteratur, musikk, scenekunst og kulturvern. I stor grad dreier dette seg om tverrfaglege prosjekt, festivalar og kulturarrangement. Det kan også vere snakk om nye og uetablerte kunst- og kulturuttrykk eller seminar, publikasjonar, foto-utstillingar og dokumentarfilmar som har eit klart kulturfagleg innhald, men som ikkje utan vidare let seg plassere på eitt av kunstområda. Andre formål har også ein viktig funksjon når det gjeld å gje rådet moglegheit til å følgje opp overordna satsingsområde slik dei er nedfelte i Kulturrådets strategiplan. Avsetjinga gjer det mogleg for rådet å ta initiativ til forsøksprosjekt, og til å setje i gang program og satsingar i lys av identifiserte behov på kunst- og kulturfeltet.

Heile 49 prosent av avsetjinga i 2012 gjekk til prosjekt som bidreg til å fremje kulturelt mangfald i kunst- og kulturlivet. Av prosjekt det er verdt å nemne, er tilskot til rekrutteringstiltaket *Styrende mangfold* i regi av Transnational Arts Production, Jødiske kulturfestivalar i Trondheim og Oslo, den tverrfaglege festivalen Afrikan History Week i Oslo, kvenske kulturdagar i Troms og Finnmark, Rumifestivalen 2012 i Oslo og markering av den internasjonale romdagen 8. april. Av andre tiltak som har fått midlar i 2012, kan nemnast tilskot til seminar om kritikarrolle i regi av Norsk kritikarlag, seminaret Kulturrikets tilstand i regi av Høgskolen i Telemark, utstillingsprosjektet Radical Cartography på Galleri 0047 i Oslo og Sjøbygdafestivalen 2012.

Når det gjeld eigeninitierte tiltak i regi av Kulturrådet, er det gjeve tilskot til forsøksprosjektet *Hva er det med arkiv?* Prosjektet er inspirert av det tidlegare prosjektet *Museale forstyrrelser* og er utvikla i samarbeid med Fagleg utval for kulturvern og Seksjon for arkivutvikling. Prosjektet har som mål å skape ein serie kunstprosjekt der arkiv som fenomen og arkivinstitusjonars verksemd og samfunnsrolle er tema. Det er vidare gjeve solid støtte til forskningsprosjektet *Kulturrådets historie* i høve 50-årsjubileet til Kulturrådet i 2015.

Det blei løyvd midlar over Andre formål til Kulturrådets årskonferanse *Etter beste skjønn*. Konferansen blei arrangert på Folketeatret i Oslo den 14. november 2012. Temaet var skjønn, skjønnsutøving og kvalitetsvurdering. Les meir på side 99.

Frå avsetjinga Andre formål blir det også løyvd 500 000 kroner til Kulturrådets ærespris. Prisen har vore utdelt kvart år sidan 1968 til ein person som har gjort ein vesentleg innsats for norsk kulturliv. I 2012 gjekk prisen til Soon-Mi Chung og Stephan Barrat-Due. Prismottakaren får 500 000 kroner og ei bronseløve av Elena Engelsen. Les meir om æresprisen på side 98.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/stotteordninger/andre-formal](http://kulturradet.no/stotteordninger/andre-formal)

TILDELINGSLISTER:

[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

## AVSETJING

**7 344 000\*** kr

7 124 000 kr i 2011

## SAMLA SØKNADSSUM

**20 253 000** kr

15 600 000 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER

**85**

84 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR

**36**

33 i 2011

\* Inkludert årskonferansen og æresprisen.

Midler overførte til post 56 fleirårige tiltak er ikke rekna med.

**85****36**


## SØKNADER / TILDELINGAR

## SAMLA SØKNADSSUM

**20,3**  
MILL. KR**7,3**  
MILL. KR

## AVSETJING

## UTVIKLING SØKNADSSUM OG AVSETJING 2008–2012




SØKNADSSUM  
AVSETJING

## FORHOLD MELLOM SØKNADSSUM OG TILDELT SUM

År	Samla søknadssum	Samla avsetjing	Forhold mellom tildeling og søknadssum
2008	29 300 000	8 580 000	29 %
2009	19 403 113	6 758 000	35 %
2010	19 300 000	6 974 000	36 %
2011	15 600 000	7 124 000	46 %
<b>2012</b>	<b>20 253 000</b>	<b>7 344 000</b>	<b>36 %</b>

## MIDLANE BLEI FORDELTE SLIK



# Biletkunst og kunsthandverk

Også i 2012 opplever Kulturrådet ein auke i pågangen av søknader på det visuelle kunstfeltet. I løpet av dei siste seks åra har talet på søknader auka frå 677 til 1178. I same periode har den samla søknadssummen auka med i overkant av 100 millionar kroner.

I 2012 er det gjeve støtte til utstillingar innanfor eit breitt mangfald av uttrykk, ved ulike typar visingsstader over heile landet. Kvaliteten på kunstfaglege publikasjonar har gått opp dei siste åra, og det er gjeve støtte til artists' books, fotobøker, antologiar, monografiar og katalogar. Ei rekke kunstnarstyrte visingsstader og fellesverkstader har også motteke tilskot.

Det blei gjeve tilskot til fleire kunstfestivalar, bienalar og landsdelsutstillingar. Kunstfestivalane har blitt viktige formidlingsarenaer på det visuelle kunstområdet og bidreg til å synleggjere samtidskunsten i det offentlege rom, nasjonalt, regionalt og lokalt. Festivalane representerer ei formidlingsform som ofte kombinerer utstillingar, seminar, debattmøte og anna. Val av kunstnarar og kuratorar viser ei sterk internasjonal orientering.

Denne internasjonaliseringa er ein tydeleg tendens innan det visuelle kunstfeltet, og Kulturrådet har dei siste åra merka auka pågang av søknader til prosjekt som finn stad i utlandet, trass i at desse søknadene i prinsippet fell utanfor Kulturrådets ansvarsområde. Kulturrådet og Office for Contemporary Art (OCA) har hatt ein kontinuerleg dialog om internasjonaliseringa av feltet sidan 2011, og har sett nærmare på ansvarsdeling og samarbeid. På bakgrunn av dette sende Rådet eit notat til Kulturdepartementet der utviklinga blir skildra, med forslag til tiltak for å tydeleggjere grenseoppgangen mellom OCA og Kulturrådet.

I 2012 blei arbeidet med å utvikle ein konkret organisasjons-/driftsmodell for eit landsdekkjande arkiv og kompetansesenter/-nettverk for videokunst sett i gang. Kulturrådet lyste ut 3 millionar kroner per år til eit treårig pilotprosjekt i 2011, og PNEK (Produksjonsnettverk for elektronisk kunst) fekk oppdraget med å leie prosjektet.

LES MEIR PÅ:  
[kulturradet.no/visuell-kunst](http://kulturradet.no/visuell-kunst)

TILDELINGSLISTER:  
[kulturradet.no/tidelingslister](http://kulturradet.no/tidelingslister)

## ÅRET I TAL

AVSETJING

**29 220 000 kr**

28 341 000 kr i 2011

SAMLA SØKNADSSUM

**185 465 956 kr**

163 536 673 kr i 2011

TAL PÅ SØKNADER

**1178**


1152 i 2011

TAL PÅ TILDELINGAR


**327**

332 i 2011

UTVIKLING SØKNADSSUM OG AVSETJING 2008–2012




SØKNADSSUM  
 AVSETJING



FORHOLD MELLOM SØKNADSSUM OG TILDELT SUM

År	Samla søknadssum	Samla avsetjing	Forhold mellom tildeling og søknadssum
2008	99 134 201	16 076 000	16 %
2009	103 620 405	19 829 000	19 %
2010	179 369 962	24 579 000	14 %
2011	163 536 673	28 341 000	17 %
<b>2012</b>	<b>185 465 956</b>	<b>29 220 000</b>	<b>16 %</b>

## MIDLANE BLEI FORDELTE SLIK



# Musikk

Den overordna strategien til Kulturrådet på musikkområdet er å gjere musikk av høg kvalitet i alle sjangrar tilgjengeleg for nye publikumsgrupper.

Musikkscenen i Noreg har eit stort mangfold av uttrykk, formidlingsarenaen er stadig meir variert, og det er ei aukande interesse for kor viktig programmering og nye formidlingsformer.

Kulturrådet bidreg til brei og god produksjon og formidling gjennom tilskot til produksjonsmiljø og arrangørar/festivalar av høg kunstnarisk kvalitet.

Kulturrådet legg også vekt på å utvikle tverrfagleg og fleirkulturell verksemd, produksjon og formidling for barn og unge, og dokumentasjon og tilgjengeleggjering av musikkarven i Noreg.

Søknadsmengda på musikkområdet har auka med 30 prosent frå 2011 til 2012. Tilskotsprosenten har lege stabilt på 37 dei siste tre åra, men med store variasjonar frå ordning til ordning.

Publiseringsstøtta for musikkinnspelingar blei etablert i 2012 og har vore eit kjært bidrag til støtte av norske kvalitetsinnspeilingar i ei tid med store omveltingar i bransjen, med digitale betalingstenester som strøyming og nedlasting. Tilsynelatande funge-

rer ordninga etter intensjonen, men ho bør verke i ein litt lengre periode før ho blir evaluert.

Musikkarordninga blei etablert i 2009 som ei ordning for rytmisk musikk. Frå og med 2012 er ordninga open for alle musikksjangrar. Formålet med ordninga er å stimulere til auka turnéverksemد og konsertproduksjon og å styrke rammevilkåra for profesjonelle musikkarar.

Musikkområdet står overfor ei rekke utfordringar i tida framover. Det blir spelt og lytta meir til norsk musikk enn nokosinne, i ei tid då lyttemønsteret blir endra radikalt gjennom ulike strøymetene og nedlasting av musikk. For norsk musikkbransje har dette resultert i knappe marginar og krav til omstilling. Kulturrådet vil framleis arbeide for at dei ulike ordningane og tilskota som rådet forvaltar, fører til profesionalisering og kompetanseheving av musikkfeltet.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/musikk](http://kulturradet.no/musikk)

TILDELINGSLISTER:

[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

AVSETJING

**164 751 000 kr**

152 844 000 kr i 2011

SAMLA SØKNADSSUM

**643 814 585 kr**

502 33 9594 kr i 2011

TAL PÅ SØKNADER

**3 931**


3 130 i 2011

TAL PÅ TILDELINGAR

**1 393**

1 143 i 2011

UTVIKLING SØKNADSSUM OG AVSETJING 2008–2012



SØKNADSSUM  
AVSETJING

**3 913****1 393**

SØKNADER / TILDELINGAR

SAMLA SØKNADSSUM

**643,8**  
MILL. KR**164,8**  
MILL. KR

AVSETJING

FORHOLD MELLOM SØKNADSSUM OG TILDELT SUM

År	Samla søknadssum	Samla avsetjing	Forhold mellan tildeling og søknadssum
2008	338 082 000	93 743 000	28 %
2009	388 808 336	114 969 000	30 %
2010	461 602 506	126 277 000	27 %
2011	502 339 594	152 844 000	30 %
<b>2012</b>	<b>643 814 585</b>	<b>164 751 000</b>	<b>26 %</b>

SØKNADER OG TILDELINGAR FORDELTE PÅ ORDNING

Ordning	Søknader	Tildelingar	Søknadssum
Musikkarstøtte	929	290	99 740 158
Musikkensemble	142	76	126 000 000
Arrangørstøtte	738	320	112 000 000
Musikkfestivalar	180	98	110 857 375
Kyrkjemusikk	178	71	30 567 052
Publiseringsstøtte	745	265	52 150 000
Bestillingsverk	383	158	40 400 000
Innspelingsstøtte	297	51	23 600 000
Andre musikktiltak	339	64	48 500 000
<b>Totalt</b>	<b>3931</b>	<b>1393</b>	<b>643 814 585</b>

PROSJEKTEKSEMPEL VISUELL KUNST



01



02



03

- 01 Utstilling på Fitjarøyane. Støtta med prosjektmidlar for visuell kunst. Foto: Ohanna Malinowska
- 02 Hanne Grieg Hermansen: *Blitz*, 2010. Blyant på papir, 50 × 70 cm. Utstilling i Tegner forbundet, Oslo, støtta av ordninga for utstillingsstøtte til kunstnarar i etableringsfasen © Hanne Grieg Hermansen/BONO
- 03 Aurora Passero: *Combat Dance*, 2012. Voven og innfarga nylon. 330 × 450 × 80 cm. Utstillinga *Cold og Winter* i Galleri Format, Oslo, blei støtta av Kulturrådet si ording for utstillingsstøtte til kunstnarar i etableringsfasen.


PROSJEKTEKSEMPEL MUSIKK



01



02



03

01 Opning Dahl/Andersen/Christensen på Vossa Jazz. Støtta av Kulturrådet si ordning for musikkfestivalar.  
Foto: Sigvor Mala/Vossa Jazz

02 Farmers Market – Slav to the rhythm. Tildelt publiseringssstøtte for musikkinnspelingar og støtte frå ordninga for musikkensemble. Omslag: Fred Lammers/Farmers Market

03 Cikada – Possible Cities / Essential Landscapes. Tildelt publiseringssstøtte for musikkinnspelingar

04 Bodø Internasjonale Orgelfestival 2011–2013. Støtta av Kulturrådet si ordning kyrkjemusikk. Foto: Bodø Internasjonale Orgelfestival

05 Niko Valkeapää. Tildelt publiseringssstøtte for to musikkinnspelingar: Gusto og ÄÄ og prosjektstøtte frå Fond for lyd og bilet. Foto: Wikimedia Commons

06 Hanne Kolstø. Tildelt publiseringssstøtte for to musikkinnspelingar: Riot Break og FlashBack, turnéstøtte for sommar og haust og prosjektstøtte frå Fond for lyd og bilet. Foto: Hilde Holta-Lysell



04




05



06

## MIDLANE BLEI FORDELTE SLIK



# Scenekunst

Tverrkunstnarisk samarbeid held fram med å prege store delar av det frie scenekunstfeltet. Søknadsbunken i 2012 viser sjangerbreidde, rekruttering av nye krefter, kunstnarisk mangfald og refleksjonar over dagsaktuelle tema. Utviklinga av infrastruktur, prosjekt som bidreg til kritisk refleksjon og kompetansehevande tiltak er prioriterte satsingsområde.

Åtte verksemder rundt om i landet har i 2012 mottok tilskot gjennom Pilotprosjektet for profesjonelle dansemiljø. Ordninga har hatt som mål å styrke nettverksarbeid, kompetansehevande tiltak, koproduksjonar, produsentstøtte og residenstilbod. Etter ein treårig prosjektperiode blir tilskotsordninga vidareført. Målet er å styrke arbeidet til dei større miljøa og skape føreseielege rammer for arbeidet i verksemdene. Men det er òg ønskjeleg å støtte fleire mindre miljø, som kan bidra til å utvikle dans lokalt og regionalt.

Tilskotsordninga for arrangørstøtte dans blei oppretta i 2012 og har som mål å gje midlar til arrangørar som programmerer og formidlar dans av høg kvalitet. For å gjere arbeidet meir føreseieleg og lette planlegginga er to festivalar prioriterte med fleirårige tilskot: CODA internasjonale dansefestival, 2013–2015, og Barents Dansefestival, 2012–2015. Vidare blei det løyvd midlar til å etablere eit turnénettverk av kulturhus, med Bærum kulturhus som pådrivar.

LES MEIR PÅ:  
[kulturradet.no/scenekunst](http://kulturradet.no/scenekunst)

TILDELINGSLISTER:  
[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

AVSETJING

**106 430 000 kr**

99 351 000 kr i 2011

SAMLA SØKNADSSUM

**476 130 448 kr**

437 455 391 kr i 2011

TAL PÅ SØKNADER

**1 135**

1 133 i 2011


TAL PÅ TILDELINGAR

**324**

324 i 2011

**1 135****324****SØKNADER / TILDELINGAR****SAMLA SØKNADSSUM****476,1**  
MILL. KR**106,4**  
MILL. KR**AVSETJING**

## UTVIKLING SØKNADSSUM OG AVSETJING 2008–2012



## FORHOLD MELLOM SØKNADSSUM OG TILDELT SUM

År	Samla søknadssum	Samla avsetjing	Forhold mellom tildeling og søknadssum
2008	245 148 629	56 910 000	23 %
2009	287 911 192	61 485 000	21 %
2010	440 665 369	77 419 000	18 %
2011	437 455 391	99 351 000	23 %
<b>2012</b>	<b>476 130 448</b>	<b>106 430 000</b>	<b>22 %</b>

SØKNADSSUM

AVSETJING

# Fri scenekunst

## AVSETJING

**45 917 000 kr**

21 313 000 kr i 2011

## SAMLA SØKNADSSUM

**222 030 715 kr**

210 100 000 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER

**427**

391 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR

**89**

107 i 2011

Gjennom avsetjinga for fri scenekunst blei det gjeve støtte til 391 visingar av teaterframserningar og 239 visingar av danseframserningar. Det totale talet på tildelingar har i dei siste åra vore stabilt, men tala for 2012 viser ein nedgang for tildelingane på teaterområdet.

Scenekunstens vidtfemnande kunstnariske og estetiske tilnærmingar er godt representerte i søkerne til begge ordningane. Det inneber at prosjekt av ulik karakter blir vurderte i samanheng med kvarandre, noko som skjerpar diskusjonen omkring kunstnarisk kvalitet og utøving av kunstnarisk skjønn i tildelinga.

Unge og nyetablerte scenekunstnarar har i 2012 markert seg sterkt med skaparkraft og uttrykksbehov innanfor begge ordningane. Innanfor ordninga for dans ser vi no eit interessant spenn mellom nye og etablerte dansekunstnarar. Innanfor ordninga for teater har prosjekt med musikkteatrale uttrykk og verkemiddel markert seg. Prosjekt som prøver ut nye modellar for korleis scenekunst blir skapt, produsert og formidla, var også eit framståande trekk ved tildelingane over begge ordningane i år.

## Dans

## AVSETJING

**21 917 000 kr**

24 313 000 kr i 2011

## SAMLA SØKNADSSUM

**75 070 981 kr**

85 500 000 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER

**130**

132 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR

**45**

46 i 2011

## Teater

## AVSETJING

**24 000 000 kr**

27 000 000 kr i 2011

## SAMLA SØKNADSSUM

**146 959 734 kr**

124 600 000 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER

**297**

259 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR

**44**

61 i 2011

# Basisfinansiering av frie scenekunstgrupper

Ordninga for basisfinansiering blei innført i 2007 for å styrke den kunstnariske verksemda til scenekunstgruppene. Ho skal gjere arbeidet økonomisk føreseieleg og dermed gjere det mogleg å planlegge produksjon og formidling over tid.

I 2012 søkte Zero visibility corp, Impure Company og Ingun Bjørnsgaard prosjekt om ein ny periode i ordninga, slik at søkergruppa bestod både av nye søkerar og tilskotsmottakarar som allereie var inne på ordninga. Scenekunstgruppene Verk produksjoner og Winter Guests fekk basisfinansiering i fire år. Zero visibility corp og Impure Company fekk nye periodar i ordninga på fire år, medan Ingun Bjørnsgaard prosjekt fekk midlar til ein ny periode på to år.

Viss ein tek omsyn til storleiken på ordninga, er det stor pågang frå søkerar. Til kvar utlysing kjem det søkerar frå høgt kvalifiserte kunstnarar som kan forløyse eit endå større kunstnarisk potensial med basisfinansieringa fordi arbeidet blir meir langsigtig og føreseieleg. Ordninga blei derfor styrkt med sju millionar kroner i 2012.

## UTVIKLING 2010-2012

År	Søknadssum	Avsetjingar i Kulturfondet	Tal på søkerar	Tal på tildelinger
2010	135 175 950	15 000 000	12	1
2011	157 900 000	18 000 000	14	3
<b>2012</b>	<b>171 100 000</b>	<b>25 000 000</b>	<b>15</b>	<b>5</b>

## BASISFINANSIERING AV FRIE SCENEKUNSTGRUPPER

Søker	Fylke	Kompani	Tilskot i kroner
Ingun Bjørnsgaard prosjekt	Oslo	Regulering av årleg tilskot 2012-2013 / Ingun Bjørnsgaard prosjekt 2014-2017	3 093 000 (2012) 3 093 000 (2013) 3 093 000 (2014) 3 093 000 (2015)
Stiftelsen Lucien / Winter Guests	Hordaland	Winter guests 2012-2015	3 200 000 (2012) 3 200 000 (2013) 3 200 000 (2014) 3 200 000 (2015)
zero visibility corp.	Oslo	Regulering av årleg tilskot 2012 / zero visibility corp. 2013-2016	3 093 000 (2012) 3 335 000 (2013) 3 335 000 (2014) 3 335 000 (2015) 3 335 000 (2016)
Verk produksjoner	Oslo	Verk produksjoner 2012-2015	3 000 000 (2012) 3 000 000 (2013) 3 000 000 (2014) 3 000 000 (2015)
Impure Company	Oslo	Regulering av årleg tilskot 2012 / Impure company 2013-2016	3 093 000 (2012) 3 093 000 (2013) 3 093 000 (2014) 3 093 000 (2015) 3 093 000 (2016)
Jo Strømgren Kompani	Oslo	Jo Strømgren Kompani – regulering av årleg tilskot 2012-2014	3 093 000 (2012) 3 093 000 (2013) 3 093 000 (2014)
Verdensteatret	Oslo	Verdensteatret – regulering av årleg tilskot 2012-2014	3 093 000 (2012) 3 093 000 (2013) 3 093 000 (2014)
Vegard Vinge / Ida Müller	Oslo/Berlin	Ida Müller og Vegard Vinge teaterkompani – regulering av årleg tilskot 2012-2014	3 093 000 (2012) 3 093 000 (2013) 3 093 000 (2014)

PROSJEKTEKSEMPEL SCENEKUNST



01



02

01 *Bakeriet*, framsyning av Katma/Katrine M.E. Strøm. Tildelt midlar frå støtteordninga for gjestespel/formidling og arbeidsstipend frå Statens kunstnarstipend. Foto: Mariell Amelié Lind-Hansen


02 Framsyninga *Flawed* av dansekompaniet Winter Guests. Mottekt støtte frå ordninga for basisfinansiering av frie scenekunstgrupper.  
Foto: Winter Guests

03 *A Dance Tribute to Ping pong*. Jo Strømgren kompani blei støttet gjennom Kulturrådet si ordning for basisfinansiering av frie scenekunstgrupper.  
Foto: Knut Bry



03

## PROSJEKTEKSEMPEL LITTERATUR



01



02



03



04




05



06

- 01 Biletboka *Hullet* av Øyvind Torset, Cappelen Damm AS. Støtta av ordninga for biletbøker for barn og unge.
- 02 Teikneserien *Herr Merz* av Lars Fiske, No Comprendo Press. Kjøpt inn på innkjøpsordninga for nye norske teikneseriar.
- 03 Antologi for teikneseriekollektivet *Dongery*, No Comprendo Press. Kjøpt inn på innkjøpsordninga for nye norske teikneseriar.
- 04 Teikneserien *Anne-Cath. Vestlys jul: Knerten* av Dag E. Kolstad og Henrik Rehr. Støtta av prosjektstøtteordninga for teikneseriar.
- 05 *Leve posthornet!* av Vigdis Hjorth, Cappelen Damm. Påmeldt innkjøpsordninga for skjønnlitteratur for vaksne.
- 06 *Litteratursymposiet i Odda 2012*. Tildelt midlar frå støtteordninga for litteraturfestivaler. Foto Marina Sorohan

## MIDLANE BLEI FORDELTE SLIK



# Litteratur

Målet med støtteordningane Kulturrådet har til litteraturformål, er å sikre eit breiast mogleg tilbod av nye bøker og nye norske teikneseriar. Det blir gjeve to former for støtte, anten som innkjøp av bøker under ei av dei fem innkjøpsordningane for litteratur, eller som produksjonstilskot. I tillegg kan det gjevast tilskot til ulike litteraturprosjekt. Her blir det lagt vekt på litteraturformidling, forsøk på å nå nye lesargrupper og på nye litterære uttrykksformer.

## Litteraturformidling

Kulturrådet har produksjonsstøtteordningar for teikneseriar, nynorsk litteratur, klassikarar og biletbøker. Desse ordningane er meinte å dekkje sjangrar som av ulike grunnar treng særleg støtte, eller som ikkje høyrer naturleg heime under innkjøpsordningane. Veksten og kvalitetshevinga i norske teikneseriar kan blant anna tilskrivast produksjonsstøtteordninga for nye norske teikneseriar, som blei etablert i 1990.

Kulturrådet støttar mange tiltak for litteraturformidling. Særleg vesentleg er støtteordninga for litteraturfestivalar. Mange kommunar har eigen litteraturfestival eller litteraturdagar, nokre i kommunal regi, andre ut frå private initiativ. Litteraturfestivalane er godt spreidde utover heile landet og

er ikkje noko typisk storbyfenomen. For eksempel er det slike dagar både i Sarpsborg, Skudeneshavn og Røros. Kulturrådet var i løpet av året til stades på to møte i nettverket Norske litteraturfestivalar. Rådet ser det som positivt at desse festivalane søker saman og diskuterer felles interesser og eventuelt samarbeid. Litteraturfestivalane sikrar at ålmenta over heile landet blir eksponert for god litteratur, og har også vaks fram som ei viktig inntektskjelde for forfattarar.

Avsetjinga til Andre litteraturformål inkluderer støtte til tiltak knytt til barne- og ungdomslitteratur og Mosaikk. Midlane gjekk hovudsakleg til formidlingsprosjekt, seminar og enkelte utgjevingar av faglitteratur om litteratur. Rådet støtta elles omsetjingar og utgjevingar av manus skrivne på andre språk enn norsk av forfattarar busette i Noreg, og opplesingar rundt om i landet.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/litteratur](http://kulturradet.no/litteratur)

TILDELINGSLISTER:

[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

## AVSETJING LITTERATUR

**136 572 000\*** kr

131 271 000 kr i 2011

\* Ekskl. innkjøpsordningane for vekeaviser og kulturtidsskrift

## PRODUKSJONSSTØTTE

## AVSETJING PRODUKSJONSSTØTTE

**17 072 000** kr

15 800 000 kr i 2011

## SAMLA SØKNADSSUM PRODUKSJONSSTØTTE

**32 113 100** kr

57 416 362 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER

**347**

423 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR

**271**

256 i 2011

**347****271**

## SØKNADER / TILDELINGAR

## SAMLA SØKNADSSUM

**32,1**  
MILL. KR**17,1**  
MILL. KR

## AVSETJING

## UTVIKLING SØKNADSSUM OG AVSETJING 2008–2012



## PRODUKSJONSSTØTTE 2008–2012

År	Tal på søknader	Tal på tildelingar	Samla søknadssum	Samla avsetjing
2008	321	274	27 287 304	12 788 000
2009	289	217	25 852 000	12 782 000
2010	375	214	45 495 389	14 248 000
2011	423	256	57 416 362	15 771 000
<b>2012</b>	<b>347</b>	<b>271</b>	<b>32 113 100</b>	<b>17 072 000</b>



## AVSETJING

**119 500 000 kr**

115 500 000 kr i 2011

## TAL PÅ PÅMELDT TITLAR

**1 124**

1 026 i 2011

## TAL PÅ INNKJØPTE TITLAR

**629**

pr. 20. april 2013

529 i 2011

Innkjøpsordning	Tal på søknader	Tal på innkjøpte titlar	Avsetjing
Skjønnlitteratur vaksne	289	233	46 800 000
Skjønnlitteratur barn/unge	179	141	30 000 000
Omsett skjønnlitteratur	258	133	13 200 000
Faglitteratur barn unge	48	24	7 500 000
Sakprosa	325	84	20 000 000
Teikneseriar	25	14	2 000 000
<b>Totalt</b>	<b>1124</b>	<b>629</b>	<b>119 500 000</b>

# Innkjøpsordningane

Under dei automatiske innkjøpsordningane for skjønnlitteratur for vaksne og skjønnlitteratur for barn og unge skal alle bøker som blir vurderte som gode nok, og som elles fell inn under retningslinene, kjøpast inn. Talet på innkjøpte bøker varierer derfor frå år til år, men tendensen dei siste åra er fleire påmeldingar og innkjøp på begge ordningane. Dette er ei stor utfordring i budsjetteringa av ordningane, og avsetjingane dei siste åra har ikkje vore store nok til å dekkje inn den prisen som er avtalt per innkjøp med Den norske Forleggjarforeininga. I samråd med Forleggjarforeininga har Kulturrådet i 2012 derfor kjøpt inn bøker på vaksenordninga med ei avkorting på 15 prosent og på barne- og ungdomsordninga med 25 prosent. Hausten 2012 sette drøftingsutvalet for innkjøpsordningane ned ei arbeidsgruppe som skal sjå nærmare på nye moglege betalingsmodellar under innkjøpsordningane, blant anna for å unngå at avkortinger blir ei permanent løysing.

Under innkjøpsordninga for skjønnlitteratur for vaksne er det i 2012 sett i gang eit prøveprosjekt med parallelt innkjøp av e-bøker og papirbøker. Prøveprosjektet er basert på ein tilleggsavtale til den ordinære avtalen som er inngått mellom Kulturrådet, Den norske Forleggerforening, Norsk Forleggersamband og Den norske Forfatterforening. I staden for dei tusen papireksemplara Kulturrådet vanlegvis kjøper inn til biblioteka, blei det i 2012 kjøpt inn 970 papirbøker og 30 e-bøker under denne prøveordninga.

Teikneseriefeltet i Noreg er på eit internasjonalt høgt nivå, og 2012 har vore eit særskilt sterkt år, med utgjevingar frå ei rekke av dei mest anerkjende teikneserieskaparane våre. I januar 2012 sette Kulturrådet av midlar til å opprette ei eiga selektiv innkjøpsordning for nye norske teikneseriar. Retningsliner for ordninga blei vedtekne i juni, etter ein prosess med brei involvering av berørte aktørar i feltet. Den nye innkjøpsordninga har eit budsjett på to millionar kroner årleg og omfattar utgjevingar for alle aldersgrupper.

For alle bøkene på innkjøpsordningane er det behov for gode formidlingsmetodar. Kulturrådet er særleg oppteke av biblioteksektoren, og avslutta i 2012 sakprosa- og tidsskriftturneen «Ikkje berre skjønt». Turneen var eit samarbeid mellom Kulturrådet, Nasjonalbiblioteket, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening og Norsk Tidsskriftforening. Sidan 2009 har turneen besøkt 17 av dei 19 fylka i landet.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/innkjopsordningene](http://kulturradet.no/innkjopsordningene)

TILDELINGSLISTER:

[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

AVSETJING PERIODISKE PUBLIKASJONAR TOTALT

**24 100 000 kr**

23 600 000 kr i 2011

**Vekeaviser**

AVSETJING

**16 052 000 kr**

15 552 000 kr i 2011

SAMLA SØKNADSSUM

**32 569 226 kr**

31 486 055 kr i 2011

TAL PÅ SØKNADER

**7**

10 i 2011

TAL PÅ TILDELINGAR

**4**

9 i 2011

**Kulturtidsskrift**

AVSETJING

**8 048 000 kr**

8 048 000 kr i 2011

SAMLA SØKNADSSUM

**15 477 000 kr**

9 662 000 kr i 2011

TAL PÅ SØKNADER

**89**

90 i 2011

TAL PÅ TILDELINGAR

**60**

59 i 2011

# Periodiske publikasjonar

**Vekeaviser**

Sju publikasjonar søkte til vekeavisordninga i 2012. Fire av desse har fått tilskot i 2012, medan tre fekk avslag på søknaden. To av desse fekk utfasingsstøtte i 2012. Ordninga er framleis kontroversiell, både blant tilskotsmottakarane og i pressefeltet generelt. Rådet behandla i juni klager frå to av publikasjonane, *Ukeavisen Ledelse* og *Friheten*. Klagene blei avviste.

Kulturdepartementet sende ultimo mars i år *Utkast til forskrift om produksjonstilskot til nyhets- og aktualitetsmedier* ut på høyring. I høyringssvaret peikte Kulturrådet på at også dei riksdekkjande vekeavisene kan søkje ordinær pressestøtte dersom departementet endrar kravet om geografisk avgrensing for aviser med utgjevingsfrekvens på papir ein gong i veka.

**Kulturtidsskrift**

Innkjøpsordninga for kulturtidsskrift, som blei etablert i 2009, har også i 2012 bidrege til at alle folkebibliotek fekk tilsendt alle utgåvane av 15 utvalde publikasjonar. Biblioteka får tidsskrifta som vanlege abonnementar, medan Kulturrådet står for betaling til tidsskrifta gjennom tilskota. I tillegg til dei 15 tidskrifta på innkjøpsordninga fekk 42 tidsskrift og tre månadsaviser produksjonsstøtte frå tidsskriftavsetjinga, medan ni tidsskrift med minoritetsperspektiv i tema og språkval fekk produksjonsstøtte frå Mosaikk-midlar i litteraturavsetjinga.

# Kulturvern

Kulturrådet har lagt til grunn for kulturvernarbeidet at den viktigaste oppgåva i samfunnet er å dokumentere og formidle endringsprosessar. Vi ønskjer òg at kulturarv-institusjonar og andre aktørar skal ivareta den historiske dimensjonen i samfunnsutviklinga heilt fram til i dag. På bakgrunn av dette har Kulturrådet i 2012 hatt som mål å stimulere prosjektbasert arbeid med bevaring, dokumentasjon og formidling av materiale som utgjer grunnlaget for auka kunnskap om historie, kunst, kultur og samfunnsliv i Noreg.

Kulturrådet har også i 2012 lagt særleg vekt på å støtte dokumentasjon og formidling knytt til emne som synest å vere forsomte. Av slike kan nemnast kultur og levesett langs kysten, vekkelspelet mellom menneske og natur, og handlingsboren kunnskap – den immaterielle kulturarven. Elles merkar Kulturrådet seg den kulturelle globaliseringa og dei vesentlege og raske endringane i kultur, levesett og mentalitet som pregar samtida og den nære fortida vår. I arbeidet med kulturvern har rådet lagt til grunn at det å tolke og spegle denne kompleksiteten er ei sentral utfordring for etablerte institusjonar og andre aktørar på feltet.

Ein generell tendens for både søknadstalet og tildelingane på området i 2012 er at det er langt fleire prosjekt som går på dokumentasjon og formidling enn på fysisk sikring/bevaring av kulturhistorisk materiale.

Talet på søknader om støtte til trykking av historielatert faglitteratur har auka vesentleg dei siste åra. Dette er positivt sidan mange av bøkene held eit høgt fagleg nivå, og omhandlar emne som utgjer

”kvite flekkar” på historiekartet. Også i 2012 utgjorde slike søknader kring ein tredel av alle søknadene til kulturvernnavsetjinga.

Kulturrådet har gjennom ei årrekke lagt vekt på å stimulere arbeid med dokumentasjon og formidling av kulturelt mangfald i Noreg. Arbeidet er viktig dels for at minoritetane sjølv kan oppleve kulturelle trekk som vedkjem eigen identitet, kulturarv og tradisjon. Like viktig er det at majoriteten får kunnskap om både minoritetane og seg sjølv, og om møte mellom kulturar. I 2012 er det gitt løyingar til slike prosjekt på totalt 1,86 millionar kroner. Midlane er fordelt på 20 prosjekt, og utgjer dermed heile 25 % av alle prosjekta som har fått kulturvernstøtte i 2012.

Forutan støtta som er gjeven til enkeltinstitusjonar etter søknad, har kulturvern i 2012 vore involvert i tre større eigeninitierte prosjekt: Prosjektet *Forskning om museum og arkiv* (FoMA) utgjer eit viktig bidrag til kunnskapsproduksjon og refleksjon kring den samfunnsrolla kulturvernet og kulturarvinstitusjonane har (les meir på side 57), medan det treårige pilotprosjektet *Arkiv- og kompetansesenter/nettverk for videokunst* er eit konkret tiltak som styrkjer arbeidet med dokumentasjon og bevaring av kunstuttrykk i nye medium og av ikkje-varig karakter. Det er eit stort behov for auka medvit om og konkrete tiltak for bevaring av slike kunstuttrykk.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/kulturvern](http://kulturradet.no/kulturvern)

TILDELINGSLISTER:

[kulturradet.no/tildelingsslister](http://kulturradet.no/tildelingsslister)

## ÅRET I TAL

## AVSETJING

**10 121 000 kr**

9 817 000 kr i 2011

## SAMLA SØKNADSSUM

**57 700 000 kr**

52 053 770 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER


**229**

220 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR

**82**

73 i 2011


**SAMLA SØKNADSSUM**

	<b>57,7</b>
	MILL. KR

	<b>10,1</b>
	MILL. KR

**AVSETJING**

## UTVIKLING SØKNADSSUM OG AVSETJING 2008–2012



## UTVIKLING AV AVSETJINGA 2007-2012

År	Samla søknadssum	Samla avsetjing	Forhold mellom tildeling og søknadssum
2008	41 800 000	8 838 000	21 %
2009	62 000 000	11 227 000*	18 %
2010	54 800 000	9 522 000	17 %
2011	52 053 770	9 817 000	19 %
<b>2012</b>	<b>57 700 000</b>	<b>10 121 000</b>	<b>19 %</b>

\*Inkl. 2 mill. kr som ekstra avsetjing til Kulturminneåret 2009



PROSJEKTEKSEMPEL KULTURVERN



01



02

01 *Digitalisering av Dagbladets biletarkiv 1972-1996.* Foto: Johan Brun, Dagbladet/ Norsk Folkemuseum.

02 Lofotfisket i Henningsvær, 1984. Foto: Kjell O. Storvik, Lofotpostens fotosamling, Arkiv i Nordland. Nordland fylkeskommune/Arkiv i Nordland blei tildelt prosjektstøtte for kulturvern for kartlegging av Lofotpostens fotoarkiv

03 Guten på biletet er Nils Isak Persen Siri, fotografert i Lyngenfjorden i starten av 1900-talet av Annie Giæver, Utøy. Noregs Samemisjon blei tildelt midlar frå prosjektstøtteordninga for kulturvern for tilgjengeliggjering av historisk samisk biletmateriale frå 1890 til 1960



03

PROSJEKTEKSEMPEL TVERRFAGLEGE PROSJEKT



01



02

01 Rytmer fra verdensrommet. Blei tildelt støtte frå musikkutvalet for utøvar- og produksjonsstøtte og frå Kunsløftet. Foto: Lars Opstad

02 Damini House of Culture. Fleirårig støtte frå scenekunst og frå fagleg utval for barne- og ungdomskultur. Fotograf: Nicky Twang/Damini House of Culture

# Forskning og utvikling

Hovudmålet for FoU-verksemda i Kulturrådet er å produsere og formidle forskingsbasert kunnskap både for Norsk kulturråd og for kunst- og kulturfeltet i vid forstand. Forskinga, som skal analysere og evaluere utviklinga i kultursektoren, skal vere av høg fagleg kvalitet og byggje på allmennvitskaplege normer.

Kulturrådet sitt arbeid med forsking og utgreiing skal fange opp, undersøke og analysere større saksforhold, tendensar og endringsprosessar i kulturlivet. Iverksetjing av større fleirårige forskingsprosjekt er eit ledd i dette arbeidet.

I 2012 arbeidde Kulturrådets FoU-seksjon med desse forskingsprosjekta:

## Litteratur i digitale omgjevnader (LIDO)

Dei siste åra har digitaliseringa av kulturlivet prega også det skjønnlitterære feltet. På lengre sikt kan det føre til store endringar i korleis litteraturen blir produsert, distribuert, formidla og lesen. Nye litterære former kan oppstå, medan etablerte former kjem til å endre karakter. Utviklinga kan få store konsekvensar for både forлага, bokhandlane, biblioteka og støtteordningane i Kulturrådet. Prosjektet skal undersøke korleis digitaliseringa pregar det litterære uttrykket, korleis dei kunstnariske produksjonsvilkåra blir endra, korleis lesarens erfaringar forandrar seg, og kva konsekvensar dette kan få for det litterære systemet generelt. Dei førebelse

resultata frå forprosjektet støttar opp om behovet for å utvikle meir forskingsbasert kunnskap om forholdet mellom litteraturen og det digitale, med særleg vekt på *litteraturen og dei litterære formene*. I 2012 blei det vedteke å vidareføre satsinga inn i eit større hovudprosjekt med ei tildeling på 1,5 mill. kroner frå FoU-budsjettet i Kulturrådet.

## Rom for og innramming av kunst – kunstens transformative kraft

Over fleire tiår er det satsa stort på å byggje nye kunst- og kulturarenaer i Noreg. Store statlege, fylkeskommunale og kommunale ressursar er brukte i arbeidet med å utvikle ny infrastruktur for kunst og kultur. Også den aukande interessa for å etablere litteraturhus kan forståast som ein del av dette biletet. Parallelt med utviklinga av fysisk infrastruktur til kulturformål har det skjedd store endringar i måten kunst blir produsert og formidla på. Nye kunstpraksisar beveger seg ut av scenerom og gallerirom og utfordrar etablerte forestillingar om kva som kjenneteiknar ein formidlingsarena. I forskingsprosjektet *Rom for og innramming av kunst* blir nokre av desse utfordringane adresserte. Prosjektet blir utført av ei tverrfagleg samansett forskargruppe ved Uni Rokkansenteret i Bergen og skal ferdigstillast våren 2014.

## Kunst og makt – samarbeid med Noregs forskingsråd og Fritt ord

Maktutgreiinga som blei gjennomført i 1971–81 og 1998–2003, gav svært avgrensa kunnskap om makt i norsk kunst- og kulturliv. På bakgrunn av det har Kulturrådet teke initiativ til ei større forskingssatsing om ”Kunst og makt” som blir gjennomført i samarbeid med Noregs forskingsråd og Fritt Ord. Hensikta med prosjektet er å kaste lys over relevante problemstillingar innanfor kunstlivet og bidra til analysar av det kulturpolitiske verkemiddelapparatet.

”Kunst og makt” blei lyst ut gjennom Forskningsrådet våren 2011. Prosjektet blei tildelt samarbeidspartnerane UiO, Høgskolen i Telemark og Telemarksforskning. Fire kunstfelt skal belysast: scene-kunst, litteratur, musikk og bilet-kunst. Forskningsprosjektet har 4 millionar kroner til rådvelde, og planen er at det skal vere ferdig i 2014. Prosjektet arrangerte eit seminar i Bø i Telemark i 2012 og ei seminarrekke ved Universitetet i Oslo.

I tillegg til at det styrker finansieringa av prosjektet, er samarbeidet med Noregs forskingsråd og Fritt Ord viktig også forskings-politisk sett. Å etablere samarbeid om kulturforsking på denne måten er strategisk viktig for Kulturrådet og for den kultursektorrellevante forskinga. ”Kunst og makt”-prosjektet kan reknast som eit bidrag til utviklinga av gode verkemiddel for å styrke kunnskapssituasjonen i kultursektoren.

## Kunnskapsprosjekt om det frie scenekunstfeltet på 2000-talet

Evalueringa av ordninga for basisfinansiering av frie scenekunstgrupper i 2010 synleggjorde at det er behov for ei ny og oppdatert beskriving av det frie scenekunstfeltet. Kulturrådet initierte derfor eit kunnskapsprosjekt som greier ut om utviklinga i det frie scenekunstfeltet på 2000-talet. Formålet er å gje oppdatert innsikt i kva tendensar og problemstillingar som gjer seg gjeldande i den delen av scenekunsten som i hovudsak blir skapt, produsert og formidla uavhengig av scenekunstprodusende institusjonar. Resultata skal gjevast ut i Kulturrådets skriftserie i 2013.

## Forsking om museum og arkiv

Prosjektet *Forsking om museum og arkiv* (FoMA) har hatt som mål å styrke den humanistiske og samfunnsvitskaplege forskinga ved museum og arkiv, og bidra til å etablere institusjonane som aktørar på den nasjonale og internasjonale forskingsarenaen. Utprøving av ulike modellar for forskingssamarbeid, med produksjon av vitskaplege artiklar som resultat, har stått sentralt i prosjektet. Samtidig har det vore eit mål å stimulere til kritisk refleksjon rundt samfunnsrolla som musea og arkiva har.

Utgangspunktet for satsinga i 2010 og 2011 var i hovudsak tildeling av 3,1 mill. kroner til 11 prosjekt og oppfølging av desse gjennom nettverksmøte og arbeidsseminar.

Avslutninga for FoMA blei markert med ein konferanse 29. og 30. november i samarbeid med Institutt for kulturstudiar og orientalske språk, Sosialantropologisk institutt og Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo. Konferansen *Museale og arkivale praksisar* samla over 170 deltakrar i universitetslokala på Blindern. Konferansens *call for papers* gav over 70 bidrag som blei presenterte og diskuterte i 12 parallellesjonar.

Konferansens hovudinnleiarar var inviterte til å vurdere og diskutere kva praksis musea og arkiva har, i ein nasjonal og internasjonal samanheng. Den store interessa for konferansen, frå forskarar på tvers av institusjonar og disiplinar, viser tydeleg behovet for møteplassar og forskingskonferansar for museums- og arkivfeltet.

## Historia til Kulturrådet

I 2015 er det 50 år sidan Norsk kulturråd blei etablert. Kulturrådet si verksemde er i liten grad blitt gjenstand for sjølvstendig historiefagleg forskingsarbeid i denne perioden. Samla sett verkar kunnskapsproduksjonen omkring Kulturrådet fragmentert og i liten grad prega av ei samla historiefagleg framstilling. På bakgrunn av dette blei det i 2012 løyvd to millionar kroner til eit historiefagleg prosjekt som kan bidra til å styrke kunnskapen om Kulturrådet si rolle i norsk kulturpolitikk og samfunnsliv. Prosjektet blir lyft ut våren 2013 og er finansiert gjennom Kulturfondet.

## Utgreiing om norsk musikk-eksport

Kulturrådet fekk i 2012 i oppdrag frå Kulturdepartementet å utarbeide ein modell for å talfeste eksporten av norsk musikk. Etter avklaring med departementet omfattar modellen også heime-marknaden. Den overordna målsetjinga skal vere å beskrive omsetningstala i den samla musikkbransjen. Det skal utviklast ein metodikk for å beskrive musikkbransjens innanlandske omsetning og eksporttal. Eksportmarknaden skal belysast som eit særskilt emne med dei spesielle utfordringane som ligg i å hente inn tal for eksportinntekter frå internasjonal turnéverksemde og liknande. Modellen skal vere relevant for bransjens eigne aktørar, i tillegg til å vere underlag for politiske vurderingar på musikkområdet. Rapporten er venta ved årsskiftet 2013/14.

## Evalueringar

Kulturrådet er forplikta til å gjennomføre evalueringar av større utviklings- og forsøksprosjekt som varer eitt år eller meir. Evalueringane gjev rådet kunnskip om resultat og erfaringar frå forsøksprosjekt og fleirårige program som Kulturrådet har vore med på å finansiere. I hovudsak blir evalueringane gjennomførte av eksterne forskingsmiljø. FoU-seksjonen i Kulturrådet skal sikre den faglege kvaliteten på evalueringane. I 2012 blei det ferdigstilt ei evaluering og sett i gang tre nye.

## Evaluering av kompetanse-nettverk/senter for rytmisk musikk

Rytmisk musikk har lenge vore på den kulturpolitiske agendaen, men med ulike prioriteringar og verkemiddel. I St.meld. nr. 21 2007/08 *Samspill. Et løft for rytmisk musikk* blei eit nytt tiltak presentert, nærmare bestemt tilskot til regionale kompetanse-nettverk/sener for rytmisk musikk. Evalueringa retta seg mot måla for ordninga, midlar, prosessar og resultat, og drøfta ulike alternativ for støtte til kompetanseutvikling på det rytmiske feltet framover. Evalueringa blei gjennomført av føretaket *Andante – tools for thinking* og lansert på eit ope seminar i Kulturrådet 3. september.

## Evaluering av pilotprosjektet for profesjonelle dansemiljø

I 2009 blei det sett i gang eit pilotprosjekt for utvikling av profesjonelle dansemiljø rundt om i landet. Gjennom prosjekter har sju tilskotsmottakarar fått til saman 6,3 mill. kroner. Våren 2013 skal det gjennomførast ei evaluering av pilotprosjektet og dei sju tilskotsmottakarane. Gjennom ei undersøking av mål, midlar, prosessar og resultat av pilotprosjektet skal evalueringa få fram kunnskap om og erfaringar med dei ulike strategiane tilskotsmottakarane brukar for å utvikle profesjonelle dansemiljø. Dette medfører ei undersøking av korleis profesjonalisering har blitt forstått av aktørane, og ein gjennomgang av korleis tilskotsmottakarane har innretta verksemda si for å utvikle profesjonelle dansemiljø. Evalueringa blir utført av Telemarksforskning i samarbeid med Handelshøgskolen BI.

## Evaluering av Forsking om museum og arkiv (FoMA)

Prosjektet *Forsking om museum og arkiv* (FoMA) har hatt som mål å styrke den humanistiske og samfunnsvitskaplege forskinga ved museum og arkiv, og bidra til å etablere institusjonane som aktørar på den nasjonale og internasjonale forskingsarenaen. Prosjektet er no avslutta, og det er sett i gang ei evaluering av forskingssatsinga og delprosjekta. Evalueringa skal vurdere i kva grad Forsking om museum og arkiv 2010–2011 har vore eit eigna verkemiddel for å styrke forsking av høg kvalitet i institusjonane. Det er eit mål at evalueringa skal fungere som eit kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet Kulturrådet gjer på området. Oppdraget blei lyst ut i 2012 og blir utført av Arbeidsforskingsinstituttet i 2013.

## Evaluering av organisering av musea i kjølvatnet av museumsreforma

Arbeidet med museumsreforma kom i gang i 2001. Målet med reforma var å styrke dei museumsfaglege miljøa. Prosessar for regional samanslåing av museum over heile landet har gripe inn i eigarstrukturar, eigedom forhold, organisasjonsform og organisering. Kulturrådet har i 2012 sett i gang ei evaluering som særleg legg vekt på dei organisatoriske aspekta ved museumsreforma. Hensikta med evalueringa er både eit ønske om å styrke Kulturrådet sitt eige kunnskapsgrunnlag med tanke på den vidare utviklinga av museumspolitikken, og å bidra med kunnskap inn til utviklingsarbeidet i musea. Oppdraget blir utført av Arbeidsforskingsinstituttet i 2013.

## PUBLIKASJONAR I 2012

Dei forskingsbaserte skriftseriane til Kulturrådet har til formål å styrke kunnskapsproduksjonen på kunst- og kulturfeltet. Skriftseriane blir utgjevne i samarbeid med Fagbokforlaget og er tilgjengelege på heimesidene til Kulturrådet. Utgjevingane er etterspurde både av forskarar og av andre aktørar på kulturfeltet. Dei er også i bruk som pensum litteratur ved ulike lærestader.

## Kulturrådets skriftserie 2012:

*Kunskap och lärande för musikbranschen. En evaluering av Norsk kulturråds stöd till regionala nätverk för kompetensutveckling inom rytmisk musik.* Kim Forss, Zozan Kaya, Stein-Erik Kruse og Hege Myrlund Larsen

LES MEIR PÅ:  
[kulturradet.no/forskning](http://kulturradet.no/forskning)

- 01 Samuel Alberti held föredrag på konferansen Museale og arkivale praksiser på Universitetet i Oslo, 29.–30. november. Konferansen blei arrangert som ein del av Kulturrådet sitt prosjekt Forsking om museer og arkiv.
- 02 Kunskap och lärande för musikbranschen. En evaluering av Norsk kulturråds stöd till regionala nätverk för kompetensutveckling inom rytmisk musikk. Publikasjon i Kulturrådets evalueringsserie i 2012.  
 Forside: Riri K. Green: Tangled (2009) © Riri K. Green / BONO
- 03 Plakat til konferansen Museale og arkivale praksiser. Illustrasjon: Konge lys, Paris mars–april 1987, Carl Oscar Schelbred.



01



02




## Museale og arkivale praksiser

Konferanse Universitetet i Oslo, 29.-30.  
november, 2012



03



# POST 74 - KULTURVERKSEMDER

Under post 74 gjev Kulturrådet årlege tilskot til drift av ei rekke enkeltiltak og verksemder innanfor heile kunst- og kulturfeltet i Noreg.

Blant dagens mottakarar er det fleire verksemder innanfor produksjon og formidling av kunst, bransjeorienterte institusjonar og regionale strukturar, og tilskotsordningar som blir fordele vidare av landsomfattande organisjonar. Tilskota over post 74 er ikkje tidsavgrensa, og beløpet skal vere nokolunde stabilt frå år til år.

Sjølv om Kulturrådet i mange år har hatt ansvar for forvaltninga av post 74, er tiltaka på denne budsjettposten i hovudsak plasserte her av Kulturdepartementet eller Stortinget med individuelle grunngjevingar. Frå og med 2011 fekk likevel Kulturrådet gjennom statsbudsjettet og tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet fullmakt til å

fordеле løyvingane på posten etter eige kunst- og kulturfagleg skjønn.

Den nye ordninga medfører at Kulturrådet får noko større fleksibilitet enn tidlegare, og med det større moglegheit til å innrette fordelinga av tilskot etter nye behov i kulturlivet. Men tilskota må framleis forvaltas innanfor dei føringane som følger av Stortinget si behandling av dei årlege løyvingsforsлага.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/fond-og-avsetninger/post-74](http://kulturradet.no/fond-og-avsetninger/post-74)

TILDELINGSLISTER:

[kulturradet.no/tidelingslister](http://kulturradet.no/tidelingslister)

**Tilskot oppgjevne i 1000 kr****Allmenne kulturformål**

Center for Afrikansk Kulturformidling (CAK)	2 303	Sørnorsk Jazzsenter	1 748
Folkeakademienes Landsforbund	7 561	Tilskudd til kjøp av musikkinstrumenter for skolekorps	10 568
Heyerdahl-instituttet	1 195	Tilskudd til landsomfattende musikkorganisasjoner	28 489
Kulturtiltak på Svalbard (Longyearbyen lokalstyre)	167	Tilskuddsordning for utstyr	31 889
Nordland Akademi for Kunst og Kultur	1 266	Trondheim Jazzorkester	1 960
Norges Døveforbund, kulturarbeid	856	Trondheim Voices	1 265
Norsk kulturforum (NOKU)	868	Vestnorsk Jazzsenter	2 946
Norske Festivaler BA	548	Vocal Nord	997
Norske Kirkeakademiers Fellesråd	1 856	Østnorsk Jazzsenter	2 581
Seanse – senter for kunstproduksjon	516	<b>Scenekunstformål</b>	
Stiftelsen Arkivet	1 290	ASSITEJ Norge	456
Voksenåsen - kulturvirksomhet	773	Buskerud Teater	869

**Visuell kunst**

Barnas Historie, Kunst og Kultur	3 796	Dansearena Nord	500
Birka	1 860	Døvetolkning av teaterforestillinger	385
Fotogalleriet	1 190	Grenland Friteater/Porsgrunn Internasjonale Teaterfestival	4 936
Kunst på Arbeidsplassen	837	Landsforbundet Teatrets Venner	359
Landsforeningen Norske Malere	1 584	Markedet for Scenekunst, Sandefjord	210
Nordic Light - International Festival of Photography	516	Rom for Dans	1 645
Norsk Billedhoggerforenings Skulpturkontor	1 559	Studium Actoris	961
Norsk kritikerlag (kunstkritikk.no)	1 222	Tilskuddsordningen for historiske spill/friuftsspill	3 507
Norske Grafikere	1 708	Unima Norge	464
Norske Kunstforeninger	5 118	<b>Litteraturformål</b>	
Norske Kunsthåndverkere	8 961	Agenda X Skriveverksted	1 316
Norske Tekstilkunstnere	1 310	Bjørnsonakademiet	425
Samorganisasjon for kunstformidling i Nord-Norge	1 999	Bjørnsonfestivalen	1 849
Tegnerforbundet	1 584	Bokbyen i Fjærland	343
Unge Kunstneres Samfund	2 994	Bokbyen ved Skagerak	343

**Musikkformål**

Aktivitetsmidler til kor	1 195	Foreningen !Les	2 950
Bok- og blueshus, Notodden	1 535	Leser søker bok, Foreningen	5 847
Brak - Bergen Rock Aktører	1 097	Norsk Barnebokforum (IBBY Norge)	77
Cosmopolite Scene	2 064	<b>Museums- og kulturvernformål</b>	
Det Norske Solistkor	2 156	VilVite - Bergen Vitensenter - skolesekkmidler	1 027
Dokkhuset Scene	800	Emanuel Vigelands Museum	198
Kompetansesentre for rytmisk musikk	5 315	Falstadcenteret	516
Kor Vest	1 443	Landslaget for lokalhistorie	447
Midtnorsk Jazzsenter	2 011	Midtnorsk Vitensenter - skolesekkmidler	1 539
Musikk og ungdom	686	Nordnorsk Vitensenter - skolesekkmidler	1 027
Nordic Voices	1 265	Norges Husflidslag	12 776
Norsk Jazzarkiv	1 244	Norges kulturvernforbund inkl. den norske	758
Norsk Komponistforening - tilskudd trykking av noter	439	kulturminnedagen	
Norsk Visearkiv	1 775	Norges museumsforbund, inkl. Museum of the Year Award	1 402
NOTAM - norsk senter for teknologi i musikk og kunst	4 448	Norsk Folkeminnelag	82
Ny Musikk	3 291	Norsk ICOM	282
Regionalt senter for kirkemusikk i Bodø	315	Tidsskriftet Museumsnytt	760
Samspill - International Music Network	988	<b>Arkivformål</b>	
Strunkeveko	52	Landslaget for lokal- og privatarkiv	490

**Sum****218 745**



# FOND FOR LYD OG BILETE

Fond for lyd og bilet er som kulturpolitisk formål å fremje produksjon og formidling av innspelingar av lyd- og filmopptak, og midlane blir fordelt til beste for rettshavarar innanfor musikk, scene og film. Samtidig er fondet ei kollektiv kompensasjonsordning til rettshavarar for den lovlege kopieringa av verka deira til privat bruk.

Opphavsmenn, utøvande kunstnarar og produsentar som bur og hovudsakleg arbeider i Noreg, kan søkje om tilskot frå Fond for lyd og bilet. I 2012 fekk fondet inn 3177 søknader, og det blei fordelt nærmare 33 millionar kroner frå fondet til i alt 517 prosjekt. Vi gav tilskot til prosjekt innanfor produksjon og formidling av lydopptak, konsertverksem, komponering, produksjon og formidling av scenekunstframsyningar, manusutarbeiding og andre former for tekstproduksjon, produksjon og formidling av kortfilm og dokumentarfilm, produksjon og formidling av foto og biletkunst og samansette prosjekt som fell innanfor kategoriane ovanfor.

Hovuddelen av fondet er sett av til prosjektstøtte innanfor formålet for fondet. I tillegg er det eigne ordningar for tilskot til marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og for gjenoptaking av scenekunstframsyningar.

I 2012 sette vi også i gang ei eittårig prøveordning for å få meir norsk musikk i norske audiovisuelle produksjonar (film, dataspel osv.), for å stimulere til lansering av norske artistar og audiovisuelle produksjonar i inn- og utland og styrke samarbeidet mellom musikkbransjen og filmbransjen.

Tildelingane frå fondet byggjer på ei heilskapsvurdering av dei innkomne søknadene. Kvalitetskriterium skal leggjast til grunn for vedtaket. Det skal blant anna leggjast vekt på følgjande moment:

- Vurderingane skal vere baserte på kunstnarisk skjønn.
- Midlane skal særleg kome grupper som er utsette for privatkopiering, til gode.
- Støtta skal vere prosjektorientert.
- Støtta skal fremje ny norsk produksjon og framføring.
- Det er eit mål å oppnå ei geografisk og sjangermessig spreiing av støtta.

I søknadsbehandlinga prioriterer vi søknader som rettar seg mot barne- og ungdomskultur og kulturelt mangfold, så lenge det er tilfredsstillande høg kvalitet på prosjekta.

For søkerane er det ofte støtta frå Fond for lyd og bilet som er avgjerande for om eit prosjekt blir gjennomført eller ikkje, og eit tilskot frå fondet kan i tillegg bidra til at det blir løyvd midlar også frå andre finansieringskjelder. Gjennomføringa av eit prosjekt er ikkje berre viktig for kvar enkelt tilskotsmottakar og for det kunstnariske resultatet som publikum nyt godt av, det har også økonomiske ringverknader for alle som er involverte i prosessen. Slik sett har fondet svært mykje å seie for svært mange kunstnarar og andre rettshavarar.

LES MEIR PÅ:  
[www.fondforlydogbilde.no](http://www.fondforlydogbilde.no)

TILDELINGSLISTER:  
[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

AVSETJING

**32 980 690 kr**

32 265 050 kr i 2011

SAMLA SØKNADSSUM

**274 181 176 kr**

287 000 118 kr i 2011

TAL PÅ SØKNADER

**3 219**

3 515 i 2011


TAL PÅ TILDELINGAR

**517**

523 i 2011




AVSETJING



UTVIKLING AV FONDET 2008–2012

År	Samla søknadssum	Samla avsetjing	Forhold mellan tildeling og søknadssum
2008	268 554 138	28 463 843	11 %
2009	293 906 786	29 170 327	10 %
2010	280 436 902	30 521 550	11 %
2011	287 000 118	32 265 050	11 %
<b>2012</b>	<b>274 181 176</b>	<b>32 980 690</b>	<b>12 %</b>




Søknadssum  
Avsetjing

# Tildelingar pr. avsetjing


Avsetjing	Tal på tildelingar	Beløp i kroner
Fonogramproduksjon	123	7 558 000
Musikk	122	5 078 000
Scene	55	3 800 000
Tekst	59	2 117 500
Film/video	46	8 812 750
Biletkunst	23	900 000
Styret si avsetjing	89	4 714 440
<b>Totalt</b>	<b>517</b>	<b>32 980 690</b>

# Søknadssum vs. avsetjing



# Fylkesvis fordeling

TAL PÅ SØKANDER  
TAL PÅ TILDELINGAR





## Styreleiaren har ordet Digitalt drama

Norske lyttarar har flytta seg lynraskt frå cd-plate til digitale plattformer. Medan norske musikarar blir stadig betre, tørkar inntektene dei får frå sal og formidling av eigen musikk, inn. Fond for lyd og bilet er bidrog i 2012 til å gjere det enklare å produsere og formidle ny norsk musikk, og dempa dermed uroa for den digitale utviklinga i Musikk-Noreg.

Fond for lyd og bilet forvalta i 2012 i overkant av 30 millionar kroner. Desse blei brukte til å styrke norsk produksjon og formidling av musikk, sceneproduksjonar, tekst, film og bilet-kunst. Fondet bidreg til meir og betre kultur frå norske kunstnarar. Styret i Fond for lyd og bilet er etter 2012 spesielt opptekne av vilkåra for norsk musikk.

Halvparten av selde CD-ar er krediterte norske musikarar. På nettet er prosentdelen betydeleg lågare. Strøyminga går i taket og inntektene til botnen. Musikarane i Noreg og musikken dei lagar, er på eit svært høgt kunstnarisk nivå. Det nye inntektsbiletet fører til at det blir investert mindre i norske produksjonar. For å ta steget over i større marknader og for å møte ei verd der ei innspeling har lengre levetid, må kvalitetens på kvar produksjon hevast endå eit hakk. Kanskje treng popalbumet fire innleigde strykarar for å oppnå det vesle ekstra? Kanskje trengst det to ekstra dagar i studio for å utvikle format

som funkar for framtida? Kvalitetsproduksjonar kostar, og Fond for lyd og bilet yter kanskje bidraget som løftar kvaliteten dit han må vere.

Styret i Fond for lyd og bilet har i 2012 fatta vedtak om tilskot til i alt 517 prosjekt innanfor fleire kunstområde. For mange rettshavarar er støtte frå Fond for lyd og bilet heilt avgjerande for at dei skal kunne gjennomføre prosjekta. All kultur har god bruk for auka støtte, men styret ser at det særleg er norsk musikkproduksjon som no treng auka støtte i ein overgangsfase. Om nokre år har bransjen kanskje funne nye inntekter som erstattar dei gamle, men i ein ekstraordinær periode er behovet for støtte frå Fond for lyd og bilet viktigare enn nokon gong, både for bransjen, den enkelte kunstnar og ikkje minst for publikum.

Digitaliseringa av musikk kan bli ei velsigning med tanke på tilgjenge og formidling, men er i dag i ferd med å strupe kommersielt ein bransje som aldri har vore betre kunstnarisk. Fond for lyd og bilet vil derfor bruke eventuelle styrkingar av fondet dei nærmaste åra til å støtte norsk musikk gjennom det digitale dramaet over i det digitale daglelivet.

*Torbjørn Urfjell  
Styreiar for Fond for lyd og bilet*

# Styret



Frå venstre: Ragnar Bjerkreim, Lene Therese Teigen, Torbjørn Urfjell, Marte Thorsby, Anders Hovind. Ikke tilstades: Leif Holst Jensen, Hilde Wahl.

Styret for Fond for lyd og bilet har sju medlemar med personlege varamedlemar. Leiari og personleg varamedlem for leiaren blir oppnemnde direkte av Kulturdepartementet.

To styremedlemar med varamedlemar blir oppnemnde etter innstilling frå produsentorganisasjonane. Fire medlemar med varamedlemar blir oppnemnde etter innstilling frå opphavsretts- og utøvarorganisasjonar som fondet vedkjem. Dei oppnemner to representantar kvar.

## LEIAR

Kommunikasjonssjef **Torbjørn Urfjell**, Gjerstad  
Varamedlem: direktør **Mari Fjærtoft Trondsen**, Asker

## REPRESENTANTAR FOR PRODUSENTORGANISASJONANE

Medlem: **Marte Thorsby**, Oslo, direktør IFPI  
Varamedlem: **Larry Bringsjord**, Drammen, direktør FONO  
Medlem: **Leif Holst Jensen**, Oslo, generalsekretær Norske Film & TV-produksjoners Forening  
Varamedlem: **Asle Vatn**, Oslo, produsent Friland AS

## REPRESENTANTAR FOR OPPHAVSRETTSORGANISASJONAR

Medlem: **Ragnar Bjerkreim**, Oslo, NOPA  
Varamedlem: **Bjørn Bolstad Skjelbred**, Oslo, Norsk komponistforening  
Medlem: **Lene Therese Teigen**, Oslo, Norske Dramatikeres Forbund  
Varamedlem: **Tone Myskja**, Fall, Norske Billedkunstnere

## REPRESENTANTAR FOR UTØVARORGANISASJONAR

Medlem: **Anders Hovind**, Oslo, Musikernes fellesorganisasjon  
Varamedlem: **Grete Valstad**, Oslo, forbundssekretær Norske dansekunstnere  
Medlem: **Hilde Wahl**, Lørenskog, GramArt  
Varamedlem: **Toni Usman**, Oslo, Norsk skuespillerforbund

# Fagutval

Fagutvala blir oppnemnde av styret etter forslag frå organisjonar som representerer fondets målgrupper.  
Utvala utarbeider ei samla innstilling om tilskot for alle søknader som har kome inn til den aktuelle fristen og

presenterer innstillinga for styret. I tillegg til fagutvala blir styrets underutval oppnemnt. Dette utarbeider innstilling for søknader til styrets pott.

	MEDLEMAR VÅR	VARA VÅR	MEDLEMAR HAUST	VARA HAUST
STYRET	7	7	7	7
FONOGRAMPRODUKSJON	4	5	4	4
MUSIKK	4	4	4	4
SCENE	3	3	4	3
TEKST	3	3	3	3
FILM/VIDEO	3	3	3	3
BILETKUNST	3	2	6	5
TOTALT	27	26	31	30

## VÅR

### FONOGRAMPRODUKSJON

Liv Runesdatter, Stavanger (MFO)  
Aggie Peterson , Tromsø (Gramart)  
Håkon Gjesvik, Oslo (FONO)  
Øystein Rudjord, (IFPI Norge)

### Varamedlemar

Toril Carlsen, Oslo (MFO)  
Ole-Jørgen Olsen, Oslo (GramArt)  
Øystein Rudjord, Oslo (IFPI Norge)  
Stein Groven, Oslo (IFPI  
Norge)  
Hege M. Folkestad, Oslo (FONO)

### MUSIKK

Simen I. Vangen, Kabelvåg (MFO)  
David Bratlie, Oslo (Norsk  
Komponistforening)  
Anniken Paulsen, Fredrikstad  
(NOPA)  
Hilde Wahl, Oslo (GramArt)

### Varamedlemar

Nora Taksdal, Oslo, (MFO)  
Dalia R. With, Bekkestua (NKF)  
Petter Wettre, Oslo (NOPA)  
Bjarte Jørgensen, Lier (GramArt)

### SCENE

Kari A. Bjerkestrand, Oslo  
(Norske Dansekunstnere)  
Kristian Alm, Oslo (Norske Danse-  
kunstnere)  
Per E. Grimstad, Oslo (Norsk Skue-  
spillerforbund)  
Anne Holtan, Oslo (Danse- og  
teatersentrum)

### Varamedlemar

Gunhild Bjørnsgaard, Oslo (Norske  
Dansekunstnere)  
Anne Kokkin, Oslo (Norsk Skue-  
spillerforbund)  
Lise R. Olsen, Bergen (Danse – og  
teatersentrum)

**TEKST**

**Kari F. Brænne**, Oslo (Skribentenes Samarbeidsutvalg)  
**Dagfinn Nordbø**, Oslo (NOPA)  
**Ellen Alveberg**, Oslo (Produsentforeningen)

## Varamedlemar

**Jørn K. Bergo**, Åsgårdstrand (Skribentenes Samarbeidsutvalg)  
**Heidi Køhn**, Oslo (NOPA)  
**Kari M. Kristiansen**, Oslo (Produsentforeningen)

**FILM/VIDEO**

**Kirsti M. Hougen**, Oslo (Norsk Filmforbund)  
**Hilde Heier**, Oslo (Norske Filmregissører)  
**Tomas Evjen**, Bodø (Produsentforeningen)

**BILETKUNST**

**Crispin Gurholt**, Oslo (Norske Billedkunstnere)  
**Sissel Fredriksen**, Tromsø (Norske Billedkunstnere)  
**Åse Løvgren**, Bergen (Forb. Frie fotografer)

## Varamedlemar

**Øyvind Sandberg**, Hjelmås (Norsk Filmforbund)  
**Kirsti Grotmol**, Oslo (Norske Filmregissører)  
**Åse Bendiksen**, Oslo (Produsentforeningen)

## Varamedlemar

**Birgitte Sigmundstad**, Oslo (Forb. Frie fotografer)  
**Sverre Strandberg**, Oslo (Forb. Frie fotografer)

**HAUST****FONOGRAMPRODUKSJON**

**Liv Runesdatter**, Stavanger (Musikernes Fellesorganisasjon)  
**Håkon Iversen**, Oslo (NOPA)  
**Øystein Rudjord**, Oslo (IFPI Norge)  
**Knut Bøhn**, Drøbak (FONO)

## Varamedlemar

**Aggie Peterson**, Tromsø (GramArt)  
**Jørgen Karlstrøm**, Oslo (Norsk komponistforening)  
**Hildegunn Olsbø**, Oslo (IFPI Norge)  
**Karen Thommessen**, Oslo (FONO)

**MUSIKK**

**Simen I Vangen**, Kabelvåg (Musikernes Fellesorganisasjon)  
**Anniken Paulsen**, Fredrikstad (NOPA)  
**David Bratlie**, Oslo (Norsk komponistforening)  
**Anette Engkvist**, Oslo (GramArt)

## Varamedlemar

**Nora Taksdal**, Oslo (Musikernes Fellesorganisasjon)  
**Petter Wettre**, Oslo (NOPA)  
**Synne Skouen**, Oslo (Norsk komponistforening)  
**Marte Heggelund**, Oslo (Norsk Artistforbund)

**SCENE**

**Kristian Alm**, Oslo (Norske Dansekunstnere)  
**Kari A.V. Bjerkestrand**, Nesoddtangen (Norske Dansekunstnere)  
**Anne Kokkinn**, Oslo (Norsk Skuespillerforbund)  
**Einar Bjørge**, Oslo (Norsk Sceneinstruktørforening)

## Varamedlemar

**Gunhild Bjørnsgaard**, Høvik (Norske Dansekunstnere)  
**Nina Ossavy**, Nesoddtangen (Danse- og teatersentrums)  
**Per Emil Grimsrud**, Oslo (Norsk Skuespillerforbund)  
**Gunn Hernes**, Bergen (Danse- og teatersentrums)

**TEKST**

**Jørn K. Bergo**, Åsgårdstrand (Skribentenes Samarbeidsutvalg)  
**Dagfinn Nordbø**, Oslo (NOPA)  
**Ellen Alveberg**, Oslo (Norske Film + TV produsenters forening)

## Varamedlemar

**Kari F. Brænne**, Oslo (Skribentenes Samarbeidsutvalg)  
**Heidi Køhn**, Oslo (NOPA)  
**Marit Corneil**, Trondheim (Norsk filmforbund)

**FILM/VIDEO**

**Øyvind Sandberg**, Bergen (Norsk filmforbund)  
**Kari Moen Kristiansen**, Oslo (Norske Film + TV produsenters forening)  
**Hilde Heier**, Oslo (Norske filmregissører)

## Varamedlemar

**Astri Aakra**, Oslo (Norsk filmforbund)  
**Tore Buvarp**, Oslo (Norske Film + TV produsenters forening)  
**Maria Bock**, Oslo (Norsk skuespillerforbund)

**BILETKUNST**

**Crispin Gurholt**, Oslo (Norske Billedkunstnere)  
**Sissel Fredriksen**, Tromsø (Norske Billedkunstnere)  
**Sverre Strandberg**, Oslo (Unge Kunstneres Samfund)

## Varamedlemar

**Lars Cuzner**, Oslo (Unge Kunstneres Samfund)  
**Kaja Haugen Leijon**, Oslo (Unge Kunstneres Samfund)  
**Anna Daniell**, Oslo (Unge Kunstneres Samfund)



01


- 01 Susanne Sundfør har motteke publiseringss- og turnéstøtte frå Norsk kulturfond og prosjektstøtte frå Fond for lyd og bilete.  
Foto: Ole Haug/Aktiv i Oslo
- 02 Frå skuggeteaterframsetninga *Shadow versus Light* av Silje Steinsvik. Støtta med prosjektmidlar frå Fond for lyd og bilete.
- 03 Sandra Kolstad – (*Nothing Lasts*) *Forever*, Trust Me Records. Tildelt marknadsføringsstøtte for fonogram frå Fond for lyd og bilete.
- 04 Vamp har motteke prosjektstøtte for fonogramproduksjon frå Fond for lyd og bilete. Foto: Haakon Nordvik/
- 05 Frå musikkvideoen *When You Looked at Me* av Nils Bech, regi: Tove Sivertsen og Silas Henriksen (bilete). Støtta med prosjektmidlar frå Fond for lyd og bilete.




02




03




04



05

**KUNSTNARSTIPEND**

**121, 5**  
MILL. KR

**GARANTIINNTEKTER**

**109**  
MILL. KR

**STIPEND BASERT PÅ  
GJENNOMFØRT  
KUNSTUTDANNING**



**16, 3**  
MILL. KR

# STATENS KUNSTNARSTIPEND

Stipend- og garantiinnteksordninga skal legge til rette for at enkeltkunstnarar, gjennom direkte tilskot frå staten, skal kunne bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Ved tildeling skal det berre leggjast vekt på kunstnarisk kvalitet og aktivitet.

I alt 24 ulike stipendkomitear, oppnemnde av kunstnarorganisasjonane, innstiller til Statens kunstnarstipend. Utvalet tildeler etter innstilling frå stipendkomiteane. I 2012 tildelte utvalet 701 stipend og 43 garantiinntekter etter søknad. I tillegg blei det delt ut sju honorære stipend for eldre fortente kunstnarar. Det totale talet på tildelinger i 2012 var 943, inkludert tildelingane av stipend baserte på gjennomført utdanning.

**FORSKRIFTER:**

Forskrift om Statens stipend og garantiinntekter for kunstnare:

[www.lovdata.no/for/sf/ku/xu-19980916-0936.html](http://www.lovdata.no/for/sf/ku/xu-19980916-0936.html)

Forskrift om stipend basert på gjennomført kunstutdanning:

[www.lovdata.no/for/sf/ku/xu-20021011-1148.html](http://www.lovdata.no/for/sf/ku/xu-20021011-1148.html)

**LES MEIR PÅ:**

[www.statenskunstnerstipend.no](http://www.statenskunstnerstipend.no)

**TILDELINGSLISTER:**

[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

## AVSETJING

**247 000 000 kr**

236 000 000 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER

**4 426\***

4 687 i 2011


## TAL PÅ TILDELINGAR

**744**

696 i 2011

\* Ein søknad kan gjelde fleire stipendtypar,  
totalt kom det inn 9012 søknadar inkl. legat.

## AVSETJING 2010–2012



## HOVUDTAL 2010–2012

	2010	2011	2012
Arbeidsstipend og Arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar	89 771 600	92 786 120	101 307 108
Diversestipend	14 412 000	14 577 000	14 620 000
Stipend for eldre fortente kunstnarar	5 620 000	5 620 000	5 620 000
<b>Kunstnarstipend totalt</b>	<b>109 803 600</b>	<b>112 983 120</b>	<b>121 547 108</b>
Stipend basert på gjennomført kunstuddanning	15 368 000	15 844 000	16 335 000
Garantiinntekt	103 165 000	107 240 000	108 986 000
<b>Stipend og garantiinntekt totalt</b>	<b>228 336 600</b>	<b>236 067 120</b>	<b>246 868 108</b>

# Kvotefordeling 2012


Utvælet gjev råd til Kulturdepartementet om fordeling av midlar mellom kunstnargruppene. Kunstnarorganisasjonane har høve til å uttale seg om forslaget til kvotefordeling. Kulturdepartementet fastset deretter endelig kvotefordeling og Utvælet tildeler etter denne.

Kunstnargruppe	ARBEIDSSTIPEND			ARBEIDSSTIPEND FOR YNGRE/NYETABLERTE KUNSTNARAR		DIVERSE STIPEND	GARANTIINNTEKT	
	Frigjorte stipend	Fordeling nye stipend	Vidareførte stipend	Frigjorte stipend	Vidareførte stipend	Beløp 2012	Garantiinntekter for tildeling	Totalt tal på garantiinntekter
Biletkunstnarar	16	3	44	23	31	3 517 000	24	264
Kunsthandverkarar	15	3	15	12	14	1 620 000	7	94
Skjønnlitt. forfattarar	12	2	28	11	4	1 451 000	2	36
Barne- og ung.bokforf	4		3	3		528 000		10
Dramatikarar	5		3	3		465 000		2
Skjønnlitt. omsetjarar	1		3	2		381 000		2
Faglitterære forfattarar	2	1				178 000		2
Musikarar	8	3	12	8	4	1 529 000	3	18
Komponistar	5	1	5	3	1	383 000	2	11
Skodespelarar	11	3	3	6	2	928 000		7
Sceneinstruktørar	2		2	1	1	235 000		2
Scenografar	2		1	2		166 000		2
Teatermedarbeidarar						51 000		
Dansekunstnarar	2	3	10	5	11	731 400	4	20
Kritikarar	2	1				97 000		
Journalistar						58 000		
Fotografar	9		5	2	2	517 600		9
Filmkunstnarar	6		6	2	3	527 000		2
Arkitektar*						65 000		
Interørarkitektar*						60 000		
Diverse kunstnarar*	7		1	3	1	317 000	1	7
Folkekunstnarar	3		1	1	1	204 000		
Populærkomponistar	11		1	5		611 000		1
	123	20	143	92	75	14 620 000	43	489


\*Arkitektar og interørarkitektar har ikkje eigen kvote for garantiinntekt, arbeidsstipend og arbeidsstipend yngre. Tildelte stipend som blir frigjorde går tilbake til kvoten for diversegruppa.

# Fylkesvis fordeling av stipend

- TAL PÅ SØKJARAR
- TAL PÅ TILDELTE STIPEND



**FORDELING AV STIPEND FORDELTE PÅ KUNSTOMRÅDE –  
TILDELTE OG VIDAREFØRTE**



# Stipendordningane

**ARBEIDSSTIPENDET** skal gje kunstnarar høve til å arbeide med prosjekt eller fordjupingsoppgåver for å vidareutvikle kunsten sin. Stipenda blir gjevne for ein periode frå eitt til fem år. I 2012 var talet på arbeidsstipend 286, 19 fleire enn i 2011.

**ARBEIDSSTIPEND FOR YNGRE/NYETABLERTE KUNSTNARAR** skal gje yngre kunstnarar i etableringsfasen høve til å utvikle seg kunstnarisk og gjere det lettare for dei å leve som kunstnar. Stipenda blir gjevne for ein periode frå eitt til tre år. I 2012 var talet på stipend 167, det same som året før.

Årsbeløpet for arbeidsstipend og arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar i 2012 var 196 000 kroner.

**DIVERSESTIPENDET** skal vere eit bidrag til den enkelte søkerars kunstnariske verksemd. Det kan bl.a. gjevast støtte til etablering, kurs, reiser, material mm. utstyr, marknadsføring og konsulentbistand. Maksimumsbeløpet i 2012 var 60 000 kroner.

**STIPEND FOR ELDRE FORTENTE KUNSTNARAR** blir tildekt eldre kunstnarar som ei påskjønning for mangeårig og verdfull kunstnarisk innsats. Stipendet varer livet ut viss det ikkje blir sagt opp av stipendiaten. Stipendbeløpet i 2012 var 20 000 kroner per år.

**STIPEND BASERT PÅ GJENNOMFØRT KUNSTUTDANNING** blir gjeve til kunstnarar som har fullført høgare kunstfagleg utdanning ved høgskolar som inngår i ordninga etter forskrift. Stipendet er basert på rettar. I 2012 utgjorde stipendbeløpet for fullført bachelor 72 459 kroner, og for fullført master 48 306 kroner.

**LES MEIR PÅ:**  
[www.statenskunstnerstipend.no](http://www.statenskunstnerstipend.no)

**TILDELINGSLISTER:**  
[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

## AVSETJING

**138 000 000\*** kr

129 000 000 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER

**4 038**



4 279 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR

**701**

656 i 2011


\* inkluderer også ikke søkerbare utdanningsstipend og stipend til eldre fortente kunstnarar



## NYTILDELTE STIPEND FORDELTE PÅ KUNSTOMRÅDE

	Tal på søkerar	Tal på tildelingar	Forhold mellom søkerar og tildelingar
BILETE Biletkunstnarar, kunsthåndverkarar og fotografar	2 014	200	10 %
TEKST Skjønnlitterære forfattarar, barne- og ungdomslitterære forfattarar, dramatikarar, skjønnlitterære omsetjarar, faglitterære forfattarar og omsetjarar, kritikarar og journalistar	667	156	23 %
SCENE Skodespelarar og dokkespelarar, sceneinstruktørar, scenografar og kostymeteiknarar, dansekunstnarar og teatermedarbeidarar	453	123	27 %
FILM Filmkunstnarar	127	26	20 %
MUSIKK Musikarar, songarar og dirigentar, komponistar og populærkomponistar	606	153	25 %
ANDRE	171	43	25 %
<b>TOTAL</b>	<b>4 038</b>	<b>701</b>	<b>17 %</b>

## GARRANTIINNTEKT FORDELT PÅ KUNSTOMRÅDE



# Garantiinntektordninga

**GARANTIINNTEKTA** skal gje kunstnarar økonomisk tryggleik og gjere det mogleg å ha kunstnarisk aktivitet som hovudarbeid. Garantiinntekt kan gjevast til yrkesaktive kunstnarar som gjennom nokre års verksemid har gjort ein kvalitetsmessig verdfull innsats.

Maksimumsbeløpet for garantiinntekt auka frå 214 900 kroner pr. 1. mai 2011 til 224 688 pr. 1. mai 2012. Talet på heimlar i 2012 var 489, ti færre enn i 2011.

I 2012 blei nye garantiinntekter tildelte for siste gong. Ordninga blir no fasa ut og erstatta med nye stipendtypar tilpassa endringar på kunstfeltet og dei behova kunstnarane har for langsiktig og føreseieleg støtte.

**LES MEIR PÅ:**

[www.statenskunstnerstipend.no](http://www.statenskunstnerstipend.no)

**TILDELINGSLISTER:**

[kulturradet.no/tildelingslister](http://kulturradet.no/tildelingslister)

## ÅRET I TAL

## AVSETJING

**109 000 000 kr**

107 000 000 kr i 2011

## TAL PÅ SØKNADER


**388**

408 i 2011

## TAL PÅ TILDELINGAR

**43**

40 i 2011



## GARRANTIINNTEKT FORDELTE PÅ KUNSTOMRÅDE

	Tal på søkjrar	Tal på tildelingar	Tal på heimlar
<b>BILETE</b> Biletkunstnarar kunsthåndverkarar og fotografar	224	31	367
<b>TEKST</b> Skjønnlitterære forfattarar, barne- og ungdomslitterære forfattarar, dramatikarar, skjønnlitterære omsetjarar, faglitterære forfattarar og omsetjarar, kritikarar og journalistar	32	2	52
<b>SCENE</b> Skodespelarar og dokkespelarar, sceneinstruktørar, scenografar og kostymeteiknarar, dansekunstnarar og teatermedarbeidarar	51	4	31
<b>FILM</b> Filmkunstnarar	2	0	2
<b>MUSIKK</b> Musikarar, songarar og dirigentar, komponistar og populærkomponistar	60	5	30
<b>ANDRE</b>	19	1	7
<b>TOTAL</b>	<b>388</b>	<b>43</b>	<b>489</b>



## Utvalsleiaren har ordet Endringar i stipend- ordningane

I 2012 blei nye garantiinntekter tildelte for siste gong. Garantiinntekta har, sidan ho blei innført i 1977, vore ei viktig inntektskjelde for kunstnarar som har utilstrekkeleg inntekt frå sal og vederlag. Ordninga blir no fasa ut og erstatta med nye stipendtypar som er tilpassa endringar på kunstfeltet og dei behova kunstnarane har for langsigtig og føreseieleg støtte.

Til forskjell frå for eksempel prosjektstøtteordningar set arbeidsstipend og garantiinntekter etablerte kunstnarar i stand til å fordjupe seg og utvikle kunstnarskapet sitt på fritt grunnlag. Det blir ikkje stilt nokon vilkår til at kunstnaren skal nå spesifikke målgrupper eller arbeide innanfor eksplisitte kunstuttrykk. Dei nye stipendordningane har ikkje dei noko uføreseielege avkortingsreglane til garantiinntekta, og gjer det samstundes mogleg for mottakaren å konsentrere seg om idear og kunstnarisk utvikling utan å måtte tenkje for mykje på inntening eller annan type prosjektstøtte.

Målgruppa for dei nye stipendtypane er etablerte kunstnarar og seniorkunstnarar, men det finst også støtteordningar for nyutdanna kunstnarar. For denne gruppa er tilskot til etablering viktig for å lette overgangen til yrkeslivet. I 2012 blei det innført ein ny søkbar stipendtype som skal dekke dette behovet. Diversestipend for nyutdanna kunstnarar erstattar den tidlegare rettsbaserte stipendordninga basert på gjennomført kunstutdanning for utvalde kunstnargrupper. Målgruppa er nyutdanna

som i søknadsåret har gjennomført kunstutdanning på bachelor- eller masternivå, og som vil etablere seg som kunstnarar i Noreg. Søkjarar med utdanning frå utanlandske kunstinstitusjonar blir sidestilte med søkerar med utdanning frå norske institusjonar, og det blir innstilt etter ei vurdering av kunstnarisk kvalitet.

Endringane i stipendordningane blir spegl i behovet for å ivareta kunstnarstøtta med eit heilskapleg blikk for at kunstnarar i forskjellige fasar har forskjellige behov, og at det er ulike omsyn å ta i dei ulike kunstnargruppene. Ein god føresetnad for å evaluere og justere ordningane er kunnskap om arbeids- og inntektsforholda til kunstnarane. Levekårsundersøkinga frå 2006 gav eit slikt bilet, og utvalet meiner det bør vere eit mål med jamlege undersøkingar framover for betre å kunne følgje utviklinga på feltet. Den siste utgreininga frå Kulturdepartementet, NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014, gjev løfterike signal om at nettopp kunnskapsgrunnlaget bør styrkast gjennom forsking på feltet.

Ein slik type kunnskap er viktig for å sikre at det blir utvikla gode, fleksible tilskotsordningar til enkeltkunstnarar som dagleg bidreg til nyskapande og mangfaldige kunstliv her i landet.

*Per Nordstrøm  
Utvalsleiar*

# Utvalet for Statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar



Frå venstre: Arne Nøst, Alfhild Skaardal, Per Norstrøm, Finn Arnesen og Morten Borgersen (vara). Ikkje tilstades: Halldís Ólafsdóttir.

## FORMÅL OG SAMANSETJING AV UTVALET

Utvalet tildeler stipend etter at Kulturdepartementet har fastsett fordelinga av heimlar og midlar mellom kunstnargruppene. I tillegg gir utvalet råd til departementet om den årlege kvotefordelinga. Utvalet vurderer også om innehavarar av garantiinntekt er yrkesaktive som kunstnarar, og gjer vedtak om garantiinntekta skal haldast ved like eller ikkje.

## OPPNEMNING

Kulturdepartementet oppnemner fem medlemar, blant desse leiar og nestleiar. To av medlemane med varamedlemar blir oppnemnde etter felles innstilling frå meir enn halvparten av dei kunstnarorganisasjonane som innstiller til stipend overfor utvalet. Alle medlemane har personlege varamedlemar. Oppnemninga gjeld for fire år.

## UTVALET 2010–2013

### Oppnemnde av Kulturdepartementet

Fylkeskultursjef Per Norstrøm, leiar  
Vara: Advokat Helene Braanen

Museumsdirektør Alfhild Skaardal, nestleiar  
Vara: Forskar og økonom Audun Gleinsvik

Professor dr. juris Finn Arnesen  
Vara: Advokat Stine Baumann

### Oppnemnde av kunstnarorganisasjonane

Biletkunstnar, scenograf, musikar og teatersjef  
**Arne Nøst**  
Vara: Liv Gulbrandsen, daglig leiar for Leser Søker Bok  
Vara: Forfattar og omsetjar Tom Lothington  
(frå mai 2012)

Dansekunstnar **Halldís Ólafsdóttir**  
Vara: Musikar, komponist og tekstrforfattar **Kari Bremnes**  
Vara: Skodespelar **Morten Borgersen**

# Sakkunnige komitear for utvalet

Stipendkomiteane er fagleg sakkunnige organ for utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar. Stipendkomiteane innstiller til utvalet om tildeling av stipend og garantiinntekter og om garantiintekta skal haldast ved like eller ikkje. Innstillingane blir gjevne skriftleg med ei kortfatta grunngjeving.

Stipendkomiteane blir oppnemnde av kunstnarorganisasjonane, jf. forskrift for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar, punkt 8.2.1. Stipendkomiteen for andre kunstnarar blir oppnemnt av Utvalet for Statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar. I 2012 var det i alt 24 ulike stipendkomitear som innstilte til Statens kunstnarstipend.

## Samansetjing av stipendkomiteane\*

### BILETKUNSTNARAR

Jannicke Låker og  
Geir Yttervik (vara), leiarar  
Jan Freucher,  
Susanne Kathlen Mader (vara),  
Karen Skog,  
Astrid Løvaas,  
Kristin Aarnes,  
Randi Grov Berger,  
Andrea Lange (vara),  
Nirmal Singh Dhunsi

### KUNSTHANDVERKARAR

Solveig Ovanger, leiar  
Janne Nes,  
Inger Anne Nyaas,  
Anne Thomassen,  
Thorbjørn Kvasbø,  
Hilde Eirin Dramstad

### SKJØNNLITTERÆRE FORFATTARAR

Stein Versto, leiar  
Oddmund Hagen,  
Eirik Ingebrigtsen,  
Jan Kjærstad,  
Mirjam Kristensen,  
Liv Lundberg,  
Ingri Lønnebotn,  
Markus Midré,  
Ole Robert Sunde

### BARNE- OG UNGDOMS-LITTERÆRE FORFATTARAR

Ingelin Røssland, leiar  
Atle Hansen,  
Karin Kinge Lindboe,  
Synne Sun Løes,  
Pål Gerhard Olsen,  
Erna Osland

### DRAMATIKARAR

Christopher Grøndahl, leiar  
Kate Pendry,  
Jan Olav Brynjulfsen

### SKJØNNLITTERÆRE OMSETJARAR

Christine Amadou, leiar  
Aase Gjerdrum,  
Dagny Holm,  
Jørn Roeim,  
Kai Swensen,  
Tommy Watz

### FAGLITTERÆRE FORFATTARAR OG OMSETJARAR

Sindre Hovdenakk, leiar  
Jon Gangdal, Jon Rognlien

### MUSIKARAR, SONGARAR OG DIRIGENTAR

Kjell Samkopf, leiar  
Gry Sagmo Aglen,  
Trond Dahlen,  
Linn Andrea Fuglseth,  
Morten Hannisdal,  
Kristin Kjølberg,  
Svenn Erik Kristoffersen,  
Torbjørn Kvist,  
Knut Reiersrud,  
Kari Rolland,  
Roy Henning Snyen,  
Nora Taksdal,  
Knut Aalefjær

### KOMPONISTAR

Glenn Erik Haugland, leiar  
Alfred Janson,  
Emil Bernhardt (vara)

### SKODESPELARAR OG DOKKESPELARAR

Bernt Bjørn, leiar  
Hedvig Garshol,  
Nina Woxholtt,  
Jarl Flaaten Bjørk (vara)

### SCENEINSTRUKTØRAR

Bjørn Sæter, leiar  
Anne-Mali Sæter,  
Anthony Hardy Totino

### SCENOGRAFAR OG KOSTYMETEIKNARAR

Karen Schønemann, leiar  
Mona Grimstad,  
Åse Hegrenes

### TEATERMEDARBEIDARAR

Bjarne Stensrud, leiar  
Iselin Ivarson,  
Kristin Skiftun

### DANSEKUNSTNARAR


Sunniva Egge Sipus, leiar  
Jane Hveding,  
Karl-Erik Nedregaard,  
Marianne Kjærskund,  
Inger-Cecilie Bertran de Lis

### KRITIKARAR

Inger Østenstad, leiar  
Kari Johanne Brandtzæg,  
Thoralf Berg  
Borghild Maaland frå stipendkomiteen for filmkritikarar deltok under behandlinga av søknadar om arbeidsstipend

\*Berre medlemmar av komiteane og eventuelle varamedlemmar som faktisk deltok i innstilling til stipend og garantiinntekter 2012, er nemnde.

## STIPENDKOMITEANE

**FILMKRITIKARAR**

Aleksander Huser  
(vara for Borghild Maaland, leiar)  
Terje Eidsvåg,  
Birgitte Bratseth (vara)

**JOURNALISTAR**

Reidun Kjelling Nybø, leiar  
Astrid Dalehaug Norheim,  
Mona Askerød,  
Hege Lamark,  
Line Scheistrøen,  
Kenneth Andresen

**FOTOGRAFAR**

Morten Andersen, leiar  
Else Marie Hagen,  
Jenny Rydhagen

**FILMKUNSTNARAR**

Wibecke Rønseth, leiar  
Sirin Eide,  
Marie Anisdahl,  
Bård Grape

**ARKITEKTAR**

Espen Handegård, leiar  
Anette D. Bruun,  
Bente Rødahl,  
Tonje Broch Moe,  
Torkel Njå

**INTERIØRARKITEKTAR**

Karen Christie Bjønness, leiar  
Linge Hansen,  
Espen Arnesen

**ANDRE KUNSTNARGRUPPER**

Paul Åge Johannessen, leiar  
Birgitte Strid,  
Hege Gabrielsen,  
Sverre Knudsen,  
Maya Økland (vara)

**FOLKEKUNSTNARAR**

Solveig Torgersen Grinder, leiar  
Frithjof Rudstaden,  
Kari Margrete Okstad,  
Mats Johansson

**POPULÆRKOMPONISTAR**

Svein Dag Hauge, leiar  
Aslak Hartberg,  
Beate Slettevoll Lech,  
Ragnar Olsen, Ole Vik (vara)

EIT UTVAL AV DEI SOM HAR MOTTEKE ARBEIDSSTIPEND FOR YNGRE/NYETABLERTE KUNSTNARAR



01

- 01 Dansekunstnar Hallgrim Hansegård blei tildelt toårig arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar. Foto: Frikar/ Sigmund Krøvel-Velle
- 02 Musikar Ingeborg Christoffersen blei tildelt toårig arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar. Foto: Gisle Bjørneby/Nationaltheatret
- 03 *Wish you where here* av bildetkunstnar Geir Backe Altern, tildelt arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar. Foto: Geir Backe Altern
- 04 Bildetkunstnar Per-Oskar Leu blei tildelt treårig arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar
- 05 *Demonstrasjon* av Mia Øquist. Tildelt toårig arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar. © Mia Øquist / BONO



02



03



04



05

# DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Kulturrådet har sekretariatsansvaret for Den kulturelle skulesekken (DKS). DKS er eit samarbeid mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet og skal bidra til at alle skoleelevar i Noreg får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. Kulturtildoda skal vere av høg kvalitet og vise heile breidda av kulturuttrykk.

Sekretariatet har det daglege ansvaret for arbeidet med DKS på sentralt nivå. Sekretariatet arbeider hovudsakleg med forvaltningsoppgåver knytte til spelemidiane (ca. 175 millionar kroner årleg). Arbeidet inneber fagleg og organisatorisk utvikling gjennom nettverksarbeid, saksbehandling, mindre utgreningar og rådgjeving, informasjonsarbeid gjennom drift av nettsider, foredragstilbod og nettverksarbeid.

Den viktigaste reiskapen for å utvikle skulesekken er samarbeidet med nettverket for nasjonale aktørar og fylkeskommunane. I 2012 arrangerte sekretariatet to samlingar for nettverket, ei om våren på Lillestrøm og ei om hausten i Namsos. I tillegg blei det arrangert samarbeidsseminar for Ungdommens kulturmönstring, kulturskolane og DKS i Larvik i september. Sekretariatet har også delteke på forskjellige nordiske samlingar og debattert og halde foredrag om DKS i inn- og utland. Sekretariatet har arrangert to dialogmøte med kunstnar-nettverket og starta ein landsomfattande besøksrunde til alle fylke og 100 prosent-kommunar.

Tilbodet i DKS skal vere for alle skoleelevar. Likevel er det behov for å sjå spesielt på eit tilpassa tilbod for elevar med spesielle behov. Eit inkluderingsprosjekt med dette formålet blei sett i gang sein i 2012, og blir vidareført i 2013.

Sekretariatet innhentar rapportar frå alle fylkeskommunar og kommunar i landet gjennom eit nettbasert rapporteringssystem. Denne rapporteringa gjev viktig kunnskap om organisering, økonomi og innhald i ordninga, og data frå denne rapporteringa dannar grunnlag for statistikken sekretariatet utarbeider.

## NASJONAL AKTØR FOR KULTURARV I DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Kulturrådet er nasjonal aktør på kulturarvsfeltet innanfor DKS. Hovudsatsinga er Flatbrød og Sirkus, eit årleg inspirasjonsseminar for alle som arbeider med kulturarvsfeltet. Flatbrød og Sirkus 2012 handla blant anna om elevmedverknad og verkstadproduksjonar. Målet er å bli inspirert, utveksle erfaringar og kome med innspel til korleis feltet kan styrkjast. Seminaret tek sikte på å bidra til langsiktig og konstruktiv nettverksjobbing mellom ulike kulturarvaktørar innanfor DKS. I 2012 vart seminaret arrangert for det fjerde året på rad, med over nitti deltakarar. Dei fleste deltakarane kjem frå museums- og arkivsektoren, men det er stadig fleire fylkeskommunar som deltek.

I 2012 inviterte Kulturrådet til eit møte med representantar for den frivillige kulturvernssektoren for å drøfte om og eventuelt korleis ein kan samarbeide om å styrke kulturarvjobbinga i DKS ytterlegare. Dei fleste kulturarvproduksjonane føregår likevel i regi av kvar einskild kommune, og det er ei utfordring for Kulturrådet å kome i konstruktiv dialog med desse kommunane.

**LES MEIR PÅ:**  
[www.denkulturelleskolesekken.no](http://www.denkulturelleskolesekken.no)

## ÅRET I TAL

## Grunnskolen


TAL PÅ ARRANGEMENT

**55 000**

TAL PÅ DELTAKARAR

**3 000 000**

TALET PÅ ARRANGEMENT I SNITT PR. ELEV

**4,6**DELTAKARANE I GRUNNSKULEN FORDELER SEG  
SLIK MELLOM DEI ULIKE UTTRYKKA

## Vidaregående skole


TAL PÅ ARRANGEMENT


**3 000**

TAL PÅ DELTAKARAR

**300 000**

TALET PÅ ARRANGEMENT I SNITT PR. ELEV

**1,8**DELTAKARANE I VIDAREGÅANDE SKOLE FORDELER  
SEG SLIK MELLOM DEI ULIKE UTTRYKKA



# INTERNASJONALT KULTURSAMARBEID

Dei siste åra har det skjedd ei betydeleg utvikling innanfor internasjonalt arbeid i Kulturrådet.

Frå å vere ein aktør som bidreg med informasjon om ulike internasjonale initiativ og søknadshjelp til norske kulturaktørar, bidreg Kulturrådet i dag til utviklinga av internasjonale samarbeidsrelasjonar på program- og prosjektnivå. Kulturrådet deltek på ulike internasjonale arenaer, blant anna innanfor EUs kulturprogram, EØS-området, norsk-islandske kultursamarbeid og med Østersjø-regionen i tillegg til fast arbeid med internasjonale initiativ, nettverk og samarbeid. Det er dessutan ein aukande tendens til internasjonalt samarbeid blant aktørane i kunst- og kulturfeltet generelt.

Internasjonalisering og globalisering er ein del av arbeidskvarden til kunst- og kulturaktørar i heile landet.

Utveksling av kunnskap, kompetanse og formidling på tvers av grenser gjer ikkje berre norsk og internasjonal kunst meir synleg og tilgjengeleg, men skaper også verdifulle møteplassar for fagfelt over heile verda.

Det er ei av oppgåvene til Kulturrådet å halde seg orientert om initiativ på kulturfeltet internasjonalt. I tildebbingsbrevet frå departementet for 2012 er Kulturrådet sitt ansvar på det internasjonale feltet særleg understreka, og støtteordninga for norsk-islandske kultursamarbeid blei overført frå Kulturdepartementet. Det er blant anna eit mål at norske kulturinstitusjonar skal dra nytte av dei ordningane som finst for internasjonal utveksling på nordisk, europeisk og utanomeuropeisk nivå.

LES MEIR PÅ:  
[kulturradet.no/internasjonalt](http://kulturradet.no/internasjonalt)

# EØS-midlane

Ein stor del av det internasjonale arbeidet Kulturrådet utfører, er knytt til EØS-midlane. EØS-midlane er Noregs, Islands og Liechtensteins bidrag til å redusere sosial og økonomisk ulikskap i Europa og styrke bilaterale relasjoner mellom landa. Kulturutveksling er eit av fokusområda. I perioden 2009 til 2014 utgjer EØS-midlane ca. 14 milliardar kroner. Midlane Noreg bidreg med her, går til dei tolv nyaste EU-landa i Aust-Europa i tillegg til Spania, Portugal og Hellas. Alle dei nye kulturutvekslingsprogramma skal bidra til å fremje kulturell dialog og europeisk identitet gjennom å styrke forståinga av kulturelt mangfald.

Kulturrådet er norsk kontaktpunkt og programpartner med Latvia, Litauen, Tsjekkia, Polen, Romania og Portugal. Dette medfører at Kulturrådet bidreg i utforming av programma og formidlar informasjon om EØS-midlane til norsk kultursektor. I løpet av året blei programforsлага ferdige for alle land utanom Portugal, og programmet med Polen blei endeleg godkjent. Programmet blei lansert under eit statsbesøk i Warszawa, og midlane blei lyste ut i juni. Det kom inn 135 søknader til behandling i Polen. Søknadene blir også vurderte av norske ekspertar som er oppnemnde av Kulturrådet.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/eos-midlene](http://kulturradet.no/eos-midlene)

# EUs kulturprogram

Kulturrådet er kontaktpunkt for EUs kulturprogram i Noreg. Kulturprogrammet skal fremje eit felles kulturområde i Europa gjennom å stimulere til samarbeid mellom kulturaktørar. EUs kulturprogram bestod i 2012 av 36 land; dei 27 medlemslanda, tre EFTA-land og seks kandidatland. Gjennom informasjon og søknads hjelpe til norske kulturaktørar skal Kulturrådet hjelpe norske kunstnarar og kulturverksemder med å etablere kontaktar i EUs kulturprogram i Europa, og gje råd og rettleiing til aktørar som ønskjer å sökje midlar frå kulturprogrammet.

2012 var eit godt år for norske søknader til Kulturprogrammet. 13 norske kulturprosjekt fekk midlar frå Kulturprogrammet til samarbeidsprosjekt med oppstart i 2012. 48 millionar kroner av dei 300 millionane som blei delte ut, gjekk til prosjekt med norske deltakrarar. Under ordninga for litterære omsetjingar fekk tre norske forlag støtte til å omsetje ni utanlandske titlar til norsk. Kulturprogrammet sørger også for at europeiske forlag fekk støtte til å omsetje ti boktitlar av norske forfattarar til sju europeiske språk i 2011.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/eus-kulturprogram](http://kulturradet.no/eus-kulturprogram)

# Norsk-islandsk kultursamarbeid

Forvaltninga av Norsk-islandsk kultursamarbeid blei overført frå Kulturdepartementet til Kulturrådet i 2012. 37 kunst- og kulturprosjekt fekk midlar gjennom støtteordninga.

Formålet med avsetninga er å bidra til eit mangfoldig kultursamarbeid mellom Noreg og Island. Tiltak som får støtte, skal ha relevans for begge land og helst gje avkastning i form av varige kontaktar mellom kunstnarar, kulturarbeidarar eller forskrarar lenge etter at det konkrete prosjektet er gjennomført. Til saman skal prosjekta representere eit mangfold av kunstnariske uttrykk og kulturfaglege disiplinar, og både historiske og samtidssretta tiltak skal ivaretakast.

Det blei søkt om til saman 5,3 millionar kroner frå islandsk og norske kulturaktørar, og Kulturrådet og Det islandsk ministeriet for utdanning, forsking og kultur hadde eit møte våren 2012 der dei vedtok tildelingane. Eit vidt spekter av prosjekt fekk tilskot på til saman 1,4 millionar kroner. SKINN i Bodø fekk størst utteljing med 125 000 kroner til ei utstilling med samisk samtidskunst i Nordens Hus i Reykjavik i desember 2012.

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/stotteordninger/norsk-islandsk-kultursamarbeidkultursamarbeid](http://kulturradet.no/stotteordninger/norsk-islandsk-kultursamarbeidkultursamarbeid)

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN



01



02



03

01 *Stjerner i Øynene*, framsyning av Fargespill.  
Foto: Paul Amundsen/Fargespill

02 *Superwoman* ved Thea Danielsen Fjørtoft (Fjørtoft produksjoner). Thea Danielsen Fjørtoft vann Gullsekken for beste produksjon i 2012

03 Vinner av Gullsekkens skolepris blei Linderud skole frå Groruddalen i Oslo. Foto: Ole Walter Jacobsen

PROSJEKTEKSEMPEL INTERNASJONALT KULTURSAMARBEID



01



02

01 *Kedja av Dansearena Nord.* Tildelt midlar frå EUs kulturprogram fleirårige samarbeidsprosjekt. Fotograf: Zbigniew Wantuch/ Dansearena Nord

02 Fotografiske arkiv, Fundacja Archeologica Fotografi og Norsk Teknisk Museum. Polsk-norsk kulturtutvekslingsfond, EØS-midlane. Foto: Rafal Siderski

# MANGFALD, INKLUDERING OG DELTAKING

Eit overordna mål er at Kulturrådet skal stimulere til eit nyskapande og mangfaldig kunst- og kulturliv ved å investere i tiltak som fremjar kvalitet, mangfald og kritisk refleksjon og nå ut til flest mogleg på nye stader og nye arenaer. Inkludering og kulturelt mangfald er derfor eit satsingsområde for Kulturrådet.

Det er behov for ytterlegare styrking av medverknads- og inkluderingsperspektivet i kunst- og kultursektoren. Dette bør skje ved utvikling av meir kunnskap om målgrupper og relevant metodikk. Det er også behov for å styrkje tverrsektorelt samarbeid og partnarskap om publikumsutvikling og auke kunnskap om målgrupper for å nå ut til fleire. Kulturrådet skal stimulere fleire norske institusjonar til samarbeid om medverknads- og inkluderingsprosjekt i internasjonale samanhengar og sørge for fleire kvalitativt gode sokjarar med mangfaldsbakgrunn på aspirantordninga.

## Aspirantordninga i kunst- og kulturinstitusjonar

Kulturdepartementet løvvde ein million kroner til Kulturrådet i 2012 for å opprette ei aspirantordning på kunst- og kulturfeltet. Ordninga vart lansert av kulturminister Hadia Tajik og utlyst av Kulturrådet 1. oktober. Målet med ordninga er å bidra til at kulturinstitusjonane speglar mangfaldet i befolkninga ved at dei i storre grad rekrutterer kandidatar med variert kulturell og sosial bakgrunn. Profesjonelle kunstnariske verksem-

der kan etter søknad få tilskot til å tilsetje nyutdanna kunstnarar eller kulturarbeidarar som er i etableringsfasen i ei aspirantstilling for eitt år. Det kom inn 37 søknader frå heile landet og 14 av søkerne hadde eit klart mangfaldsperspektiv. Henie Onstad Kunstsenter, Norsk døvemuseum og Bergen senter for elektro-nisk kunst (BEK) fekk tilskot.

## Samarbeid og partnarskap

Kulturrådet har halde fram den gode dialogen med blant anna Kriminalomsorga, og i 2012 kom det inn fleire søkerar som handla om ulike typar samarbeid mellom kunst- og kulturhistoriske museum, arkiv og fengsel. Til dømes er Munchmuseet, Telemuseet og Norsk teknisk museum i gang med eit samarbeidsprosjekt med Vaksenopplæringa på Grønland og Oslo fengsel. Kulturrådet har hatt møte med fleire fylkeskommunar og vil fortsetje dialogen og utviklinga av eit mogleg samarbeid i 2013.

## Publikumsutvikling

Kulturrådet stilte med to representantar i ei fagleg referansegruppe oppnemnd av Kulturdepartementet saman med Norsk teater- og orkesterorganisasjon (NTO) i samband med pilotprosjektet «Elevbesøk i institusjonar». Gruppa handsama søkerar frå scenekunstfeltet og laga forslag til innstilling. Kulturrådet er med i ei fagleg referansegruppe saman med NTO og Norsk publikumsutvikling (NPU) om eit

treårig pilotprosjekt som har som målsetjing å prøve ut nye metodar for å nå målgrupper som elles ikkje nyttar kulturtilbodet. NPU har det operative koordineringsansvaret for prosjektet.

## Nettverk for medverknad

Kulturrådet har i 2012 etablert ei prosjektgruppe/nettverk med ti eksterne aktørar frå arkiv- og museumssektoren. Det er delt ut såkornsmidlar på 50 000 for ni medverknadsprosjekt med eit breitt spekter av samfunnsgrupper/aktørar.

Kulturrådet har samarbeidd med Senter for IKT i utdanninga (IKT-senteret) om digitalt tilrettelagt materiale for skolane. Både Kulturrådet og IKT-senteret er representerete i referansegruppa til Barne- og likestillingsdepartementet – som har ansvaret for stemmerettsjubileet.

Kulturrådet har i hovudsak arbeidd med eit pilotprosjekt i Digitalt Museum der fleire museum har lagt ut materiale relatert til stemmerettsjubileet. Dette materialet skal kunne brukast fritt i skolen.

## Dokumentasjon og formidling av minoritetskulturar og multikulturelle samfunn

Kulturrådet prioritærer prosjekt som dokumenterer og formidlar minoritetskulturar og det multikulturelle samfunnet, med særleg sokjelys på urfolk og nasjonale minoritetar. Søknader på dette feltet har aldri vore mange, og dei siste par åra har det kome inn få søkerar.

Sametinget og Kulturrådet hadde to møte i 2012. På møta diskuterte dei to organa mellom anna oppfølging og samarbeid om UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven og utgreiinga og prosjektet *Bååstede – tilbakeføring av samisk kulturarv*. Same tematikk blei teken opp i møte med RiddoDuottarMuseat, som er ansvarleg for det samiske museumsnettverket.

### Nye digitale verktøy for å nå fleire

Kulturrådet har i 2012 arbeidd med ulike digitale verktøy for å nå fleire brukargrupper.

Den nye nettsida blei lansert 3. desember, og er under kontinuerleg utvikling. Brukarfokus og tilgjenge er prioritert i dette arbeidet. Sjå nærmare omtale av nettsidene på side 96.

Stadig fleire brukar sosiale medium. Kulturrådet har vore på Twitter sidan 2009, og får stadig fleire følgjarar (ca. 7000 i 2012). I 2012 lanserte vi også ei eiga Facebook-side.

Direktesending av seminar og konferansar vi arrangerer, har vist seg som eit godt verktøy for å nå ut til fleire og nye brukarar i heile landet. Det er også nyttig for brukarar som bur i utlandet.

Mange av dei digitale satsingane til Kulturrådet handlar om digital formidling av kunst- og kulturarv. Spesielt kan satsinga Digitalt fortalt trekkjast fram. Dette er ei open løysing der både institusjonar og privatpersonar har vore aktive skaparar av digitale forteljingar. I 2012 har dette blant anna resultert i dokumentasjon og formidling av nyare innvandring, samar, kvenar og andre minoritetar, taterar og om kvinneres liv og lagnader sett i lys av Stemmerettsjubileet 2013. Også nettstadene Digitaltmuseum.no og Arkivportalen.no har medverknad og inkludering som sentrale tema.

**LES MEIR PÅ:**  
[kulturradet.no/mangfold](http://kulturradet.no/mangfold)



01



02

01 Frå kunst- og arkivprosjektet Vendepunkt. Elevar ved Sverresborg ungdomsskole viser tablå med utgangspunkt i materiale frå Trondheims redningsmisjon. Vendepunkt blei støtta av Kulturrådet med prosjektmidlar. Foto: Arkivsenteret på Dora.

02 Kulturminister Hadia Tajik på lanseringa av aspirantordninga, 28. september. Foto: Kulturrådet.

# FAG- ADMINISTRASJONEN

Kulturrådet har i dag ein fagadministrasjon på ca. 130 tilsette, og har som mål å stimulere til eit nyskapande og mangfaldig kunst- og kulturliv, vere ein synleg og open aktør i samfunnsdebatten og bidra til samhandling.

Fagadministrasjonen er sekretariat for dei tre styrande organa rådet, utvalet for Statens kunstnarstipend og styret for Fond for lyd og bilete. Kulturrådet har ansvar for ei rekke utviklings- og forvaltingsoppgåver i og for museums- og arkivsektoren. Dessutan er Kulturrådet kontaktpunkt for EUs kulturprogram og partner i EØS' kulturutvekslingsprogram.

FoU-seksjonen initierer og set i verk forskings-, utgreiings- og evalueringsprosjekt og arbeider med forskingsformidling. Fagadministrasjonen har også sekretariatsansvar for Den kulturelle skulesekken, og deltek i prosjektet Kulturog naturreiser, som er eit samarbeid mellom fire statlege etatar. I 2012 har dei prioriterte oppgåvene vore å førebu flytting til nye lokale i Mølleparken 2, og arbeidet med det elektroniske søknadssystemet i Kulturrådet.

I det årlege tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet, som ligg ute på nettsidene våre, kan du lese meir om mandatet og oppgåvene til Kulturrådet.

LES MEIR PÅ:  
[kulturradet.no/om-kulturradet](http://kulturradet.no/om-kulturradet)



01



02

01 Kulturrådet sine lokale i Militærhospitalet ved  
Grev Wedels plass. Foto: Kulturrådet

02 I juni 2013 flyttar Kulturrådet til Mølleparken 2,  
eit gammalt fabrikklokale like ved Akerselva.  
Foto: Eiendomshuset Malling & Co



KULTURRÅDET  
Arts Council  
Norway



NORSK  
KULTURFOND  
Kulturrådet



STATENS  
KUNSTNERSTIPEND  
Kulturrådet



FOND FOR  
LYD OG BILDE  
Kulturrådet

# Kommunikasjon

Kulturrådet arbeider for å vere ope, dele kunnskap og ha ei tilskotsorganisering som imøtekjem endringar innanfor kunstfeltet. Vi legg vekt på at informasjonen om verksemda i Kulturrådet er lett tilgjengeleg, også fordi det er viktig å stimulere til offentleg debatt omkring vedtaka som blir gjorde. Gjennom forskingsbaserte utgreningar og evalueringar, nyheitsbrev, nettsider, rapportar og seminar bidreg Kulturrådet til kunnskapsgrunnlag og offentleg diskusjon.

## Ny logo og visuell profil

I mai 2012 lanserte Kulturrådet den nye visuelle profilen sin. Nye oppgåver og ny organisasjonsstruktur gjorde at Kulturrådet ønskte å oppdatere det visuelle uttrykket. Profilen er utvikla av designbyrået Bleed, som har laga ny logo og ein grafisk profil som skal reflektere ein mangefasettert organisasjon og stå som eit kvalitetstempel for eit nyskapande og ope kunst- og kulturliv.

Logoen går igjen i alle delane av Kulturrådets verksemd, og det er laga fire variantar av logoen, ein for

eit samla Kulturråd, og eigne, men svært einsarta logoar for Statens kunstnarstipend, Fond for lyd og bilete og Norsk kulturfond.

## Nye nettsider

I desember 2012 lanserte Kulturrådet nye nettsider. Sidene kom som resultat av samanslåinga av Kulturrådet og ABM-utvikling i 2011. Dei nye nettsidene inkluderer også nettsider for Statens kunstnarstipend, Fond for lyd og bilete og Den kulturelle skulesekken, og viser dermed heile verksemda i Kulturrådet samla.

Målet med dei nye nettsidene er å best mogleg presentere Kulturrådet på ein eintydig, korrekt og lett tilgjengeleg måte, og å gjere det enklast mogleg for søkjarar å finne rett støtteordning for sitt prosjekt. Besøksstatistikk frå Google Analytics viser at nettsidene til Kulturrådet har hatt om lag 270 000 besök i 2012 og nesten 700 000 sidevisningar. Gjennomsnittleg dagleg besök låg på litt over 700. I tillegg kjem trafikken frå dei underliggjande nettstadene.

## Sosiale medium

Kulturrådet brukte i 2012 sosiale medium aktivt for å informere og kommunisere med brukarane våre. Kulturrådet har hatt god respons på Twitter-kontoen @kulturradet og valde i 2012 å også lage ei Facebook-side. Kulturrådet publiserer gjennom sosiale medium lenker til artiklar, nyheiter, pressemeldingar og arrangement, og annan informasjon som handlar om verksemda i Kulturrådet.

Twitter blei nytta aktivt som diskusjonsforum under årskonferansen til Kulturrådet og i fleire andre arrangement i løpet av året. Talet på følgjarar auka frå 3400 i byrjinga av året til 7000 per 31.12. Det har vore ein markant auke i talet på dei som har kontakta oss via sosiale medium i løpet av året. Kulturrådet si facebookside hadde per 31.12. 800 «likes».

## Publikasjonar

Kulturrådet gav ut seks publikasjonar i 2012: to evalueringar i skriftserien, tre rapportar som handla om arkiv- og museums-


feltet, og ei samla årsmelding for heile verksemnda. Publikasjonane er tilgjengelege både i trykt form og som nedlastbare filer frå nettsidene til Kulturrådet.

## Nyheitsbrev

Kulturrådet sende ut ni elektroniske nyheitsbrev i 2012, med til saman 61 nyheitsartiklar. Nyheitsbreva presenterer aktuelle saker: artiklar om tiltak som har motteke tilskot, nye rapportar, pressemeldingar, seminar og aktuelle nyheitsaker frå Kulturrådet. Talet på abonnementar var om lag 3800. Fleire artiklar frå nyheitsbrevet til Kulturrådet blei vidareformidla i eksterne medium.

## Mediestatistikk Kulturrådet

Statistikken i A-tekst viser eit samla treff på 4253 artiklar om Kulturrådet i 2012. Alle elektroniske pressekliip blir publiserte dagleg på nettsidene til Kulturrådet.



Kulturrådet sine nye nettsider

## ELEKTRONISK SØKNADSSYSTEM

Kulturrådet er i gang med ei storstila modernisering av tilskotsforvaltinga. Målet er at søkerar skal oppleve at det er enkelt å sende inn søknader om støtte, at søknadsbehandlinga er effektiv og transparent, og at dei oppnemnde medlemene i råd, styre og utval får god støtte i arbeidet sitt. Etter planen skal alle søknader sendast inn digitalt frå og med 2014. Første pilot blir Fond for lyd og bilete i 2013, og så følgjer dei andre støtteordningane etter utover hausten.

I 2012 inngjekk Kulturrådet og Forskningsrådet ein samarbeidsavtale der Kulturrådet kostnadsfritt får gjenbruke søknads- og saksbehandlingssystemet til Forskningsrådet. Dette samarbeidet er eit godt eksempel på gjenbruk av ressursar på tvers av sektorar i statsforvaltinga. Avtalen er i tråd med digitaliseringsprogrammet til regjeringa, der digital kommunikasjon skal vere den viktigaste forma for kontakt mellom innbyggjarane og forvaltinga. Vidare er det eit mål å samordne fellesfunksjonar og gjenbruke systemløysingar som andre bruker.

# Æresprisen



01



02

Kulturrådets ærespris for 2012 gjekk til Soon-Mi Chung og Stephan Barratt-Due. Æresprisen blir kvart år delt ut til nokon som har gjort ein vesentleg innsats for norsk kulturliv. Prisen er på 500 000 kroner.

## Frå grunngjevinga til rådet

“Bratsjisten Soon-Mi Chung og violinisten Stephan Barratt-Due har vært nyskapende innen sitt felt og har gjort en markant innsats for norsk musikkliv. Deres utøverskap, kunstnerskap og den institusjonsbyggingen de har fått til, er en unik kombinasjon. Chung og Barratt-Due har klart å sette opplæringen inn i et stort system, med stor suksess. Æresprisvinnerne har opparbeidet seg et betydeleg renommé både nasjonalt og internasjonalt, både som pedagoger og utøvere.”

Rådsleiar Yngve Slettholm overrakte prisen. I talen sin hylla han prisvinnarane både som musikkarar og store pedagogar.

**”Med Barratt Due musikkinstitutt har prisvinnarane ført arven vidare til nye generasjoner, noko som har løfta nivået i musikklivet vårt betydeleg,”** sa Slettholm i talen.

Duoens pedagogiske evner, evnene deira som leiarar og til å samle gode lærarkrefter har gjort Barratt Due til eit av dei viktigaste musikkonservatoria i Europa.

LES MEIR PÅ:  
[kulturradet.no/aeresprisen](http://kulturradet.no/aeresprisen)


01 Soon-Mi Chung og Stephan Barratt-Due fremførte eit utdrag frå *Duplex* av Arne Nordheim. Foto: Kulturrådet.

02 Soon-Mi Chung og Stephan Barratt-Due. Foto: Kulturrådet.

# Årskonferansen 2012



01



02



03

## Etter beste skjønn

Konferansen blei arrangert på Folketeatret i Oslo den 14. november 2012. Temaet var skjønn, skjønnsutøving og kvalitetsvurdering. Kulturministeren, DoCUMENTAs (13) kunstnariske leiar Carolyn Christov-Bakargiev og Per Mangset var blant innleiarane. I tillegg diskuterte rådsmedlemar og samfunnsaktørar med kompetanse frå ulike fagfelt på kva grunnlag vi tek avgjersler, og kva meiningar, verdiar, normer og kunnskapar som påverkar vurderingane våre.

Rundt 570 deltakarar frå heile landet var på konferansen, og han blei i tillegg strøymd via nettsidene til Kulturrådet. Rundt 2000 unike brukarar var innom direktesendinga, og opptaka er tilgjengelege på [www.kulturradet.no](http://www.kulturradet.no).

LES MEIR PÅ:

[kulturradet.no/arskonferansen](http://kulturradet.no/arskonferansen)

01 Konferansen var på Folketeateret i Oslo.  
Foto: Folketeateret

02 Innlegg ved kulturminister Hadia Tajik.  
Foto: Kulturrådet.

03 Rådet diskuterer korleis rådkolleget og fagutvala utøver skjønnet sitt.  
Ordstyrar Kristian Meisingset, kultur-redaktør, Minerva. Foto: Kulturrådet.

# Seminar og konferansar

<b>17. JANUAR</b>	<b>20. MARS</b>	<b>23.-24. APRIL</b>
<b>Dialogmøte om kulturforskning, Oslo</b>	<b>Dialogseminar om kultursamarbeid innanfor EØS-midlane, Oslo</b>	<b>Landskonferanse for fotobevaring, Sandefjord</b>
<b>26. JANUAR</b>	<b>22. MARS</b>	<b>10. MAI</b>
<b>Informasjonsmøte om EUs kulturprogram og EØS. Bransjetreff arrangert av MANØVER. Organisasjonen Proscen – produsentenhet for scenekunst, Bergen</b>	<b>Seminar på Det norske bibliotekmøtet, Stavanger</b>	<b>Dialogmøte om ny innkjøpsordning for teikneseriar, Oslo</b>
<b>2. FEBRUAR</b>	<b>10. APRIL</b>	<b>21. MAI</b>
<b>Informasjonsseminar om EUs kulturprogram, Bergen</b>	<b>Dialogmøte med Buskerud fylkeskommune. Fylkeshuset, Drammen</b>	<b>Fagdag om mobil formidling, Oslo</b>
<b>8. FEBRUAR</b>	<b>10.-11. APRIL</b>	<b>29. mai</b>
<b>Norges dokumentarv. Lanseringsseminar i samarbeid med Den norske komiteen for verdens dokumentarv, Oslo</b>	<b>Seminar med polske kulturaktørar i samband med statsbesøk i Polen</b>	<b>Dialogmøte med Hedmark fylkeskommune. Fylkeshuset, Hamar</b>
<b>9. FEBRUAR</b>	<b>12. APRIL</b>	<b>6.-8. JUNI</b>
<b>Informasjonsmøte om Kulturrådet til studentar frå Høgskolen i Lillehammer, Oslo</b>	<b>Dialogmøte mellom vurderingsutvalget for sakprosa og sakprosadtørane i forlaga, Oslo</b>	<b>Nordisk konferanse om sjømat og kulturarv, Bergen. I samarbeid med Direktoratgruppa for kystkultur</b>
<b>13. FEBRUAR</b>	<b>16. APRIL</b>	<b>11. JUNI</b>
<b>Lanseringsseminar av ny publikasjon om fotojuss, Oslo</b>	<b>Informasjon om EUs kulturprogram for TrAP, Oslo</b>	<b>Fagdag. Digital dugnad og dialog, Oslo</b>
<b>13. FEBRUAR</b>	<b>16. APRIL</b>	<b>15. JUNI</b>
<b>Informasjonsdag for nye søkerar på Post 74, Oslo</b>	<b>Fagdag: Innhold, innhold, innhold (om utval og prioritering, digitalisering, organisering, metadata, lisensar og bruk, tilgang og vidare planar), Oslo</b>	<b>Bokbransjen og samfunnskontrakten. Seminar, Oslo</b>
<b>14. FEBRUAR</b>	<b>16.-18. APRIL</b>	<b>22. JUNI</b>
<b>Informasjon om EUs kulturprogram og EØS for skuespillerforbundet og Norske dansekunstnere, Oslo</b>	<b>Fagdagar for Den kulturelle skolesekken og utdeling av Gullsekken 2012</b>	<b>EØS' informasjonsmøte om Polen og mogleg prosjektsamarbeid, Oslo</b>
<b>14. FEBRUAR</b>	<b>20. APRIL</b>	<b>29. JUNI</b>
<b>Dialogmøte med Møre og Romsdal fylkeskommune. Fylkeshuset, Molde</b>	<b>Scenekunstseksjonen møte med Norsk dramaturgforum, Oslo</b>	<b>Dialogmøte med Nordland fylkeskommune, Oslo</b>
<b>5. MARS</b>	<b>20. APRIL</b>	<b>3. SEPTEMBER</b>
<b>Kultur på nett, Trondheim</b>	<b>Dialogmøte om tidsskriftordninga, Oslo</b>	<b>Seminar og lansering av evalueringa av dei regionale kompetanettverka for rytmisk musikk, Oslo</b>
<b>9. MARS</b>	<b>20. APRIL</b>	<b>11. SEPTEMBER</b>
<b>Informasjon om EUs kulturprogram for Trondheim fylkeskommune, Trondheim</b>	<b>Dialogmøte med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Rica Sunnfjord hotell, Førde</b>	<b>Informasjon om EUs kulturprogram og EØS-midlane for Hedmark fylkeskommune, Hamar</b>
		<b>13. SEPTEMBER</b>
		<b>Kva er det med arkiv? Seminar om kunst og arkiv, Oslo</b>

- 13. SEPTEMBER**  
**Statens rolle i litteraturpolitikken,**  
UiO, Oslo
- 17. SEPTEMBER**  
**Deltaking i paneldebatt om norske e-bøker på bachelorstudiet i bibliotek- og informasjonsvitenskap,**  
UiO
- 17.-18. SEPTEMBER**  
**Flatbrød og sirkus 2012 – kulturrevnen mange mogleigheter i Den kulturelle skulesekken,** Oslo
- 17.-18. SEPTEMBER**  
**Dialogmøte med Telemark fylkeskommune,** rundtur i Telemark
- 21. SEPTEMBER**  
**Dialogmøte om innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur,** Oslo
- 21. SEPTEMBER**  
**Dialogmøte med Vestfold fylkeskommune.** Bølgen kulturhus, Larvik
- 28. SEPTEMBER**  
**Lansering av ny aspirantordning for kunst- og kulturinstitusjonar,** Oslo
- 2. OKTOBER**  
**Dialogmøte med Aust-Agder fylkeskommune.** Fylkeshuset, Arendal
- 11. OKTOBER**  
**Klar-ferdig-gå!** Konferanse om EØS-midlar for kultur- og kulturminnesektoren, Oslo
- 12. OKTOBER**  
**Dialogmøte med Vest-Agder fylkeskommune.** Kilden teater- og konserthus, Kristiansand
- 17. OKTOBER**  
**Presentasjon av rapporten frå Grund-utvalet.** Eit ledd i høyringsprosessen av rapporten "En kunnskapsbasert kulturpolitikk", Oslo
- 22.-23. OKTOBER**  
**Konferanse om immateriell kulturarv,** Trondheim
- 26. OKTOBER**  
**Dialogmøte med Rogaland fylkeskommune,** Årdal i Hjelmeland
- 30. OKTOBER**  
**Dialogmøte med Akershus fylkeskommune,** Oslo
- 7. NOVEMBER**  
**Sosiale medium og inkludering.** Kva, korleis, kvifor?, Oslo
- 14. NOVEMBER**  
**Kulturrådets årskonferanse 2012 «Etter beste skjønn»,** Oslo
- 23. NOVEMBER**  
**Dialogmøte med Sør-Trøndelag fylkeskommune.** Fylkeshuset, Trondheim
- 29.-20. NOVEMBER**  
**Museale og arkivale praksistar.** Konferanse om forsking om museum og arkiv, Universitetet i Oslo
- 3. DESEMBER**  
**Dialogmøte med Oppland fylkeskommune,** Lillehammer kunstmuseum
- 4. DESEMBER**  
**Workshop for forlag, litterære omsetjingar,** EUs kulturprogram, Oslo
- 6. DESEMBER**  
**Utdeling av Kulturrådets ærespris til Soon-Mi Chung og Stephan Barratt-Due,** Oslo

# Tilsette

(per 31.12.12)

**DIREKTØR M/STAB**

Anne Aasheim  
 Anita Eik  
 Guri Skjeldal (permisjon)

**KOMMUNIKASJON**

Janne Stang Dahl  
 Mari Johansen  
 Unn Bjørge  
 Elin Reed Thomsen  
 Harald Skeie  
 Siri Charlotte Brockmeier

**Internasjonal enhet**

Brit Holtebekk  
 Velaug Bollingmo  
 Anna Benedicte Stigen  
 Haakon Vinje  
 Håkon Halgrimsen  
 Astrid Bjerke  
 Karen Varden

**AVDELING KULTUR**

Vibeke Antoinette Mohr  
 (fungerande Kunst- og kulturdirektør)

**Seksjon for museumsutvikling**

Espen Hernes  
 Bjørn Olav Tveit  
 Hilde Holmesland  
 Hildegunn Bjørgen  
 Liv Ramskjær  
 Bård Bie-Larsen  
 Tora Synnøve Yli Myre  
 Marie Skoie  
 Ingrid Louise Flatval  
 Siv Leden  
 Unni Fortun

**Seksjon arkivutvikling**

Ranveig Gausdal  
 Bjørn Bering  
 Eli Solberg  
 Synne Stavheim

**Seksjon fleirfagleg**

Per Olav Torgnesskar  
 Cathrine Høgseth  
 Preben von der Lippe  
 Mariann Kommisar  
 Marianne Larsen  
 Rolf Engelsen  
 Åshild Andrea Brekke  
 Stig Kalvatn  
 Vera Micaelsen  
 Birgitte Solbu

**AVDELING KUNST M/STAB**

Vibeke Antoinette Mohr  
 (fungerande Kunst- og kulturdirektør)  
 Atle Faye

**Seksjon litteratur**

Arne Vestbø  
 Mari Finess  
 Line Fallan Sørensen  
 Wenche Fosslien

**Seksjon scenekunst**

Yrjan Svarva  
 Mette Rønning  
 Marthe Stokvik  
 Melanie Fieldseth

**Seksjon visuell kunst**

Birgit Bærøe  
 Kalle Øen  
 Inger Eri  
 Hans H. Olsen

**Seksjon musikk**

Erling Haraldset  
 Hilde Stenseng  
 Hilde Lea Næss  
 Hilde Sørnæs  
 Vidar Bråthen  
 Per Einar Brænden  
 Sunniva Engeland  
 Helle H. Korsbøen

Henning Mongstad  
 Rannveig Sjøvaag Hervik  
 Ingeborg Kværne

**AVDELING LABORATORIUM**

Reidar Gjersvik

**Seksjon FoU**

Ellen Aslaksen  
 Marianne Berger Marjanovic  
 Øyvind Prytz  
 Randi Ertesvåg  
 Sjur Færøvig

**Seksjon E-kultur**

Gunnar Urtegaard (permisjon)  
 Kristin Bolgård  
 Anders Olsson  
 Jens Vindvad  
 Nirmalan Selvarajah  
 Sarah McSeveny-Åril  
 Tom Klev

**Prosjekt Kultur- og naturreiser**

Siri Slettvåg  
 Sidsel Hindal  
 Marit Kjeksrud Amundsen  
 Lars Rogstad

**AVDELING FOR FORVALTNING OG ADMINISTRASJON M/STAB**

Elisabet Gustad  
 Torill Sørum

**Seksjon økonomi**

Wenche Halstvedt  
 Terje Halvorsen  
 Asle Aas  
 Bjørn Vidar Vaaler  
 Grethe Gjerdingen Myrdahl  
 Jan Erik Sæther Ask  
 Tina Thorsby  
 Jolanta Szumska

## ORGANISASJONSKART

**Seksjon personal**

Arve Sognebro  
 Borghild Sannæss  
 Marianne Haugan  
 Agneta Weum  
 Esmail Azadfar  
 Karen Marie Ellefsen

**Seksjon arkiv**


Maja Braaten  
 Kjersti Aas  
 Wenche Kristin Gressum  
 Inga Therese Becker  
 Waqar Khokhar  
 Tommy Bakke  
 Anne Ogundipe

**Seksjon IT**

Ole Johnny Skoglund  
 Thor Arne Landsverk  
 Satheeskumar Sundaralingam  
 Kannan Nagendram  
 Aurang Zeb

**Seksjon søknadsforvaltning**

Rune Thele  
 Guro Larsen  
 Mona Stensrud  
 Richard Smith  
 Jone Erøy  
 Karin Krok  
 Ole K. Richenberg  
 Tom Ivar Wister  
 Veslemøy Andresen Rør  
 Trond Bjørknes  
 Kirsten Verling  
 Guri Langmyr Iochev  
 Randi Torgersen  
 Maja Satara  
 Nina Refsnes  
 Sigrun Sether Birkeland  
 Hilde Finess Evensmo



# Administrasjonsutgifter

I 2012 forvalta Norsk kulturråd ei samla økonomisk ramme på 151,2 mill. kr. Kostnadene til drift av institusjonen inkludert sekretariatsfunksjonane for Kulturfondet, Fond for lyd og bilete (FLB), Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar (SKS), Den kulturelle skulesekken, for-

sking og utgreiing og aktivitetar knytte til internasjonale oppgåver var 113 mill. kr. Av desse midlane er 2,9 mill. kr gått med til intern- og samarbeidsprosjekt. Til eksterne prosjekt- og utviklingstiltak på museums- og arkivfeltet gjekk det 35,3 mill.kr.

## BUDSJETT TIL DRIFT, PROSJEKT OG UTVIKLINGSTILTAK

Prosjekttiltak	35,3 mill. kr
Intern- og samarbeidsprosjekt	2,9 mill. kr
Løn og personalutgifter	67,3 mill. kr
Honorar og reiseutgifter m.m. for styre, råd og utvalsmedlemar	11,4 mill. kr
Lokale	9,5 mill. kr
Reiser og konferansar og møteverksemnd	4,2 mill. kr
Marknadsføring	0,1 mill. kr
Kunngjerings- og trykkingsutgifter	1,2 mill. kr
Porto og telefonutgifter	1,1 mill. kr
Flytteutgifter	0,2 mill. kr
Elektronisk søknadsportal	4,7 mill. kr
Nye nettsider	2,8 mill. kr
Konsulenttenester inkl. IT	4,1 mill. kr.
IT-utstyr	2,1 mill. kr
IT-program og rekvisita	1,6 mill. kr
Andre kostnader	2,7 mill. kr
<b>Sum</b>	<b>151,2 mill. kr</b>

**Kulturrådet**  
**Grev Wedels plass 1 og 9**  
**Postboks 8052 Dep**  
**N-0031 Oslo**

**Tlf: +47 21 04 58 00**

**[post@kulturradet.no](mailto:post@kulturradet.no)**  
**[www.kulturradet.no](http://www.kulturradet.no)**